

ØRSTA KOMMUNE

Årsmelding 2022
Årsrekneskap 2022



Innhold

Årsmelding 2022	6
Innleiing kommunedirektør	7
Økonomirapportering drift	11
Sentrale inntekter.....	11
Finansinntekter og -utgifter	11
Utvikling i netto driftsresultat	11
Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda.....	12
Finansielle måltal.....	12
KOSTRA-analyse	16
Vesentlege avvik - drift.....	19
Vesentlege avvik - investering.....	21
Vesentlege avvik - premiss	31
Avdrag og avskrivningar	31
Personal og organisasjon	32
Likestilling.....	32
Klimarekneskap	44
Kommunen sine tenesteområde	45
Politikk	45
Rekneskap	45
Status økonomi.....	45
Kommunedirektør og stab	48
Beskriving av tenesteområde.....	48
Stab - assisterande kommunedirektør.....	48
Økonomistab	59
Personal og organisasjonsstaben	62
Rekneskap	64
Oppvekst, kultur og inkludering.....	67
Beskriving av tenesteområde.....	67
Overordna mål.....	67
Utvalde resultat.....	68

Ørsta kulturhus, kino og bibliotek.....	68
Kulturskulen	69
Ørstahallen og frivilligsentral	70
Frivilligsentralen	71
Kaihuset.....	71
Skule	72
Barnehage	74
Flyktningtenesta	76
Rekneskap	77
Status økonomi.....	77
Kommentar til status økonomi.....	77
Oppsummering tiltak.....	78
Helse, omsorg og velferd.....	81
Beskriving av tenesteområde	81
Omsorg og sjukeheim.....	81
Helse og velferd	81
Overordna mål.....	83
Omsorg og sjukeheim.....	83
Helse og velferd	85
Utvalde resultat.....	85
Viktige hendingar	89
Helse og velferd	89
Rekneskap	90
Status økonomi.....	90
Teknisk, eigedom og landbruk	93
Beskriving av tenesteområde	93
Overordna mål.....	95
Utvalde resultat.....	96
Viktige hendingar	102
Rekneskap	105
Status økonomi.....	105
Status kommunale planar	106
Andre område	109
Beskriving av tenesteområde	109
Rekneskap	109

Årsrekneskap 2022	112
Fullstendigheitserklæring	113
Revisjonsuttale	115
§ 5-4 Oversikt løyvingar til drift (1A)	118
§ 5-4 Oversikt løyvingar til drift, netto - fordelt (1B)	119
§ 5-5 Oversikt løyvingar til investering (2A)	120
§ 5-5 Oversikt løyvingar til investering - fordelt (2B)	121
Investeringar - status pr. 31.12.2022	128
§ 5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift	134
§ 5-8 Balanserekneskap	135
§ 5-8 Balanserekneskap - spesifisert	138
§ 5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar - drift	150
§ 5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar - investering	151
Notar	152
Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar	152
Note 1 Endring i arbeidskapital	154
Note 2 Kapitalkonto	155
Note 3 Vesentlege endringar i rekneskapsprinsipp	156
Note 4 Varige driftsmidlar	157
Note 5 Større andelar og aksjepostar (finansielle anleggsmidar)	158
Note 6 Utlån	159
Note 7 Lån	159
Note 8 Avdrag på lån	160
Note 9 Pensjon	160
Note 10 Garantiansvar	164
Note 11 Fond	166
Note 12 Gebyrfinansierte sjølvkosttenester	168
Note 13 Sal av aksjar (finansielle anleggsmiddel)	169
Note 14 Ytingar til leiande personar	170
Note 15 Godtgjersle til revisor	170
Note 16 Oversikt over ekstra midlar knytt til Covid-19 i 2022	171
Note 17 Interkommunale samarbeid	172
Note 18 Variabel løn	174
Note 19 Investeringsrekneskapen	174
Note 20 Finansinntekter	175

Note 21 MVA-kompensasjon	175
Note 22 Tap og tapsavsetningar	175
Note 23 Tomtefelt og anleggsområde	176
Note 24 Kyrkjer og kyrkjegardar	177
Note 25 Byggeprosjektleiing	178
Note 26 Burettslag og sameige	178
Note 27 Økonomisk oppgjør etter grensejustering Bjørke og Viddal.....	179
Vedlegg	180
Årsmeldingar frå andre	180
Gjeldsportefølje inklusive Husbanklån.....	180

Årsmelding 2022

Ørsta kommune

Innleiing kommunedirektør

Innleiingsvis vil eg takke alle tilsette som har bidrege til at 2022 vart eit godt år for Ørsta kommune. Vi har eit godkjent økonomisk resultat og vi har levert gode tenester til innbyggjarane. 2022 har vore eit år med høg kostnadsvekst både for private hushald og for kommunen som verksemd, dette pregar det økonomiske resultatet. Mot slutten av året var veret skiftande med snø, regn, is og behov for strøing, dette merka dei godt på kommunalområdet for teknisk. Flyktningkrise i Ukraina har ført til mange flyktningar også til Ørsta, og eg håpar dei vert godt integrerte i våre lokalsamfunn.


Samarbeid med frivillige har fått auka fokus gjennom pandemien, og vist seg å vere svært verdifullt i samband med mottak av flyktningar. Aktiviteten "Sterk og Stødig" er eit anna tilbod etablert saman med frivillige som ein del av "Leve heile Livet". Her har Røde Kors og mange einskildpersonar gjort ein stor innsats, så takk til alle!

Vi skal vere stolte av den jobben vi gjer saman.

Organisasjonsutvikling


I november 2021 starta arbeidet med omorganisering frå 7 seksjonar til 3 kommunalområde leia av kommunalsjefar. Kommunalsjefane tok til 1. september 2022, men det er gjort justeringar i kartet også etter det.

Organisasjonskart før OU-prosessen:



Årsrekneskapen for 2022 skal rapporterast i samsvar med kommunestyret sitt vedtak om budsjett til 7 seksjonar. Det er likevel slik at det er dei tre kommunalsjefane som samanfattar tekst og analyse.

Dei tre nye kommunalområda er vist i organisasjonskart pr. 1. januar 2023.



Organisasjonsutvikling er ein kontinuerleg prosess, og særleg viktig etter at ein har gjennomført ei stor omorganisering. Saman med leiarutvikling vil dette ha prioritet i 2023.

Oppvekst, kultur og inkludering

Frå 1. september 2022 vart dei tre seksjonane Barnehage, Skule og Kultur slått saman til kommunalområdet Oppvekst, kultur og inkludering.

Det nye kommunalområdet dekkjer tenesteområda kulturhus, kino, bibliotek, kulturskule, Kaihuset (ungdomstiltak), frivilligsentral, skular, vaksenopplæring, flyktningteneste og barnehagar. I tillegg ligg samordning med interkommunal PPT til dette kommunalområdet.

Mottak av flyktningar er eit stort ansvar for dette kommunalområdet. Busetting, språkopplæring, introduksjonsprogram, i tillegg til barnehageplass, tilrettelegging i skule og anna som følgjer med. Her er det lagt ned eit stort og viktig arbeid.

Ny skule og barnehage på Sæbø var ei stor hending i 2022. Arbeidstilhøva for tilsette skal verte enda betre når paviljongbygget er ferdig renovert i 2023. No skal det vere barnehageplass til alle i Hjørundfjorden, med gode fasilitetar i bygget av massivtre.

Tilbygget til Ørsta ungdomskule var enda ei viktig hending då det kunne takast i bruk i november. Endeleg plass til alle elevane (407) og dei om lag 75 tilsette. Før jul vart også kontrakt signert for nytt skulebygg ved Velle skule, dette bygget skal etter planen stå ferdig til skulestart 2024.

Helse, omsorg og velferd

Dette er eit stort kommunalområde der dei to seksjonane omsorg og sjukeheim, og helse og velferdstenester inngår. I tillegg er tildelingskontoret ei sentral “brikke” med ansvar for ein heilskapleg og samordna forvaltningsflyt. Oppfølging og samarbeid med legetenesta krev meir fokus for å sikre rekruttering av fastlegar og ei forsvarleg legeteneste til innbyggjarane i åra som kjem.

Årsrekneskapen for det nye kommunalområdet viser eit samla meirforbruk på 22 mill. i høve budsjett. Bu og habilitering har eit mindreforbruk, medan heimetenestene har eit stort meirforbruk. I tillegg til at budsjettet ikkje har vore realistisk, må tildelingspraksis og prioritering av oppgåver ha stort fokus framover slik at aktivitet vert meir i samsvar med tildelte rammer.

Det er eit stort ansvar å medverke til god helse i befolkninga og legge til rette for livsmeistring. Tenestene skal vere universelle, tilgjengelege og individuelt tilpassa. Eldrereforma «Leve heile livet» har fått ein sentral plass i organisasjonen og når ut til innbyggjarane på ein god måte.

Teknisk, eigedom og landbruk

Samarbeid med husbanken om prosjektet “Leve heile livet i eigen bustad” starta i 2022 og i november vart bustadmessa arrangert. Eit spanande nybrottsarbeid med samarbeid med lokale bankar og utbyggjarar der mange innbyggjarar kom og fekk informasjon og inspirasjon om korleis planlegge eigen alderdom.

Arbeidet med ny arealplan starta opp i 2022. Dette er eit viktig og omfattande arbeid som skal legge føringar for arealbruk og utvikling i heile kommunen. Auka fokus på jordvern, berekraft, natur og miljø gjer at ein må tenke annleis. For Ørsta er det ein strategi å bruke areala i sentrum meir effektivt ved å fortette med bustadar og service slik at ein reduserer behova både for nye areal og transport.

Tekniske tenester har utfordringar knytt til driftsbudsjettet sine variable kostnader. Dette gjeld i hovudsak vedlikehald av kommunale vegar og brøyting.

Ørsta kommune sin visjon er:



Visjon og slagord

Først og fremst seier visjonen at alle i Ørsta kommune må arbeide saman mot nye høgder, – det vil seie at alle i organisasjonen må arbeide saman for å gi innbyggjarane best mogleg tenester, saman skaper vi ein attraktiv stad å arbeide og vere busett i. Visjonen seier også at fleire må vere med, og at kommuneorganisasjonen åleine ikkje kan møte alle utfordringane som Ørstasamfunnet møter til dagleg. I dette ligg det eit bod om eit felles ansvar.

Eit levande lokalsamfunn er avhengig av at innbyggjarane og andre aktørar også er med, påverkar og tek ansvar. I 2023 er det kommuneval, og mange nye representantar frå folket tek på seg verv på vegne av oss alle.

Ørsta kommune sitt slagord: Ørsta – hjartet av Sunnmørsalpane

Verdiar og etiske retningslinjer

Ørsta kommunestyre vedtok 3. september 2015 etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde. Kommunen sine verdiar understøttar desse, og ein vil til ei kvar tid vere opptekne av og arbeide for at alle tilsette og folkevalde utviser ein høg etisk standar i arbeidet sitt.

Dei etiske retningslinjene legg vekt på den viktige rolla som forvaltar av våre felles ressursar og omsynet til kommunen sitt omdømme. Som folkevalde og tilsette må vi balansere vår eigen ytringsfridom og lojalitet til kommunen/arbeidsgivar. Vi må særleg vere merksame på at vår bruk av sosiale medium ikkje svekker vår integritet som folkevald eller yrkesutøvar.

Verdiane våre er:



Økonomirapportering drift

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskudd	-381 313	-367 298	-367 298	-380 841	13 543	3,7 %
Inntekts- og formuesskatt	-310 709	-310 468	-314 931	-345 713	30 782	9,8 %
Eiendomsskatt	-19 433	-21 043	-21 043	-19 719	-1 324	-6,3 %
Andre generelle driftsinntekter	-17 660	-18 058	-24 878	-48 884	24 006	96,5 %
Sum Frie disponible inntekter	-729 115	-716 867	-728 150	-795 157	67 007	-9,2 %

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-2 173	-3 509	-2 707	-3 944	1 237	45,7 %
Utbytter	-15 555	-16 180	-15 257	-15 258	1	0,0 %
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	-1	1	0,0 %
Renteutgifter	10 874	21 060	23 798	22 751	1 047	4,4 %
Avdrag på lån	39 157	46 981	46 981	43 681	3 300	7,0 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	32 303	48 352	52 815	47 230	5 585	10,6 %

Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Bruk av avsetninger						
Bruk av bundne driftsfond	-24 686	-15 250	-16 698	-17 909	1 211	7,3 %
Bruk av disposisjonsfond	-15 987	-27 546	-30 522	-31 156	634	2,1 %
Sum bruk av avsetninger	-40 673	-42 796	-47 220	-49 065	1 845	3,9 %
Avsetninger						
Overføring til investering	1 284	0	0	2	-2	0,0 %
Avsetninger til bundne driftsfond	22 840	14 533	14 533	17 578	-3 045	-21,0 %
Avsetninger til disposisjonsfond	28 305	5 693	5 693	47 751	-42 058	-738,8 %
Sum avsetninger	52 430	20 226	20 226	65 331	-45 105	-223,0 %
Netto driftsresultat	-11 756	22 570	26 994	-16 267	43 261	160,3 %
Sum driftsinntekter	-966 968	-915 936	-930 747	-1 041 641	110 894	11,9 %
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	1,2 %	-2,5 %	-2,9 %	1,6 %	39,0 %	0,0 %

Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Opph. bud.	Rev.bud. 2022	Rekneskap 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Avsettingar og bruk av avsettingar						
Overføring til investering	1 284	0	0	2	-2	0,0 %
Avsetninger til bundne driftsfond	22 840	14 533	14 533	17 578	-3 045	-21,0 %
Bruk av bundne driftsfond	-24 686	-15 250	-16 698	-17 909	1 211	7,3 %
Avsetninger til disposisjonsfond	28 305	5 693	5 693	47 751	-42 058	-738,8 %
Bruk av disposisjonsfond	-15 987	-27 546	-30 522	-31 156	634	2,1 %
Netto avsettingar	11 756	-22 570	-26 994	16 267	-43 261	160,3 %

Finansielle måltal

Figurane og tabellane på denne og andre sider er basert på førebels KOSTRA-statistikk for 2022.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. Det er teke omsyn til resultatet frå finansområdet, dvs. netto renter, netto avdrag og tap/gevinst på finansielle instrument (omløpsmiddel), samt kommunale utlån, utbytte og eigaruttak. I tillegg er det korrigert for avskrivningar, slik at desse ikkje gir resultateffekt. Netto driftsresultat kan enten nyttast til finansiering av investeringar eller til avsetning for seinare års bruk.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

	Ørsta 2019	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Volda Kostragruppe 2022	07 2022	Møre og Romsdal 2022	Landet uten Oslo 2022
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,2 %	0,4 %	1,1 %	1,6 %	2,0 %	2,4 %	1,9 %	2,6 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser netto driftsresultat for Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2019-2022. Etter ein nedgang i 2019 har Ørsta kommune hatt ein auke dei tre siste åra og ligg no på 1,6 %. Dette er under det tilrådde nivået frå TBU på 1,75 %.

TBU (Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi) tilrår at netto driftsresultat over tid bør utgjere om lag 2 % av driftsinntektene for kommunesektoren samla, med ei fordeling på 1,75 % for kommunane og 4 % for fylkeskommunane. TBU tilrår elles at kvar enkelt kommune set sitt eige mål på netto driftsresultat.

Kommunestyret vedtok finansielle måltal for 2022 i møte den 09.12.2021 i sak om budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025. I vedtaket står det at netto driftsresultat over tid bør utgjere 1,25 % av brutto driftsinntekt. I budsjettvedtaket for 2023 vart dette endra til 1,75 % i samsvar med tilrådinga.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter. Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering både i drifts- og investeringsrekneskapen. Dette kan seie noko om kor stor økonomisk buffer kommunen har for den daglege drifta.

Disposisjonsfond

	Ørsta 2019	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Volda Kostragruppe 2022	07 2022	Møre og Romsdal 2022	Landet uten Oslo 2022
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	8,1 %	8,8 %	9,5 %	9,8 %	8,7 %	12,8 %	10,3 %	14,5 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter for Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2019-2022. I perioden har kommunen hatt ei positiv utvikling med 1,7 prosentpoeng.

Kommunestyret vedtok finansielle måltal for 2022 i møte den 09.12.2021 i sak om budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025. I vedtaket står det at disposisjonsfondet bør vere over 5 % av brutto driftsinntekter. I budsjettvedtaket for 2023 vart dette endra frå bør til skal.

Disposisjonsfond - spesifisert

Vi har fleire ulike disposisjonsfond (ubundne driftsfond) i balansen. Kontoane 256080001 Disposisjonsfond og 256080002 Disposisjonsfond næring utgjer 99,5 % av samla disposisjonsfond pr. 31.12.2022.

Sum alle disposisjonsfond

Tal i 1000 kr	Beløp
Saldo pr. 31.12.2021	87 225
Endring i 2022	16 595
Saldo pr. 31.12.2022	103 820

Disposisjonsfond konto 256080001

Tal i 1000 kr	Beløp
Saldo pr. 31.12.2021	83 806
Saldering opphavleg budsjett 2022	-21 853
Flyklubben - klubbhusstøtte	-50
Støtte til forprosjekt forvaltning av kystnære fiskebestandar	-70
Naturfestivalen og Saudehornet rett opp	-25
Auka tilskot til kyrkja - renter på lån til Vartdal kyrkje	-58
Medlemskap i Fairtrade	-5
Styrking seksjon skule	-2 000
Kulturmidlar	-150
Vedlikehald idrettsanlegg	-40
Juletillegg til vanskelegstilte	-100
Støtte til næringslivet ut over konsesjonsavgifta	-1 683
Netto inntekt Bjørke-forliket	7 116
Motteke Havbruksfondet	8 892
Motteke koronastønad (refusjon utgifter og skjønstilskot)	16 181
Auka skatteinntekter	35 245
Saldering årsresultat 2022	-24 368
Saldo pr. 31.12.2022	100 838

Disposisjonsfond næring konto 256080002

Tal i 1000 kr	Beløp
Saldo pr. 31.12.2021	2 981
Endring i 2022	-478
Saldo pr. 31.12.2022	2 503

Disposisjonsfond næring er skilt ut til næringsføremål. Ein del av midlane er allereie utdelte, men ikkje utbetalte pr. 31.12.2022.

Andre disposisjonsfond konto 256080100-256080451

Tal i 1000 kr	Beløp
Saldo pr. 31.12.2021	438
Avsetning refusjon frå Høgskulen til Praksislærar i barnehage	41
Saldo pr. 31.12.2022	479

Netto lånegjeld

Netto lånegjeld rekna i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktingar) fråtrekt totale utlån og unytta lånemiddel. Totale utlån inneheld formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av eigne middel). Dette omfattar dermed utlån der mottekne avdrag skal inntektsførast i investeringsrekneskapen, i tillegg til innlån der det skal betalast avdrag i driftsrekneskapen.

Netto lånegjeld i prosent

	Ørsta 2019	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Volda 2022	Kostragruppe 07 2022	Møre og Romsdal 2022	Landet uten Oslo 2022
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	111,6 %	114,1 %	122,6 %	127,5 %	136,3 %	105,4 %	114,9 %	93,1 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter for Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2019-2022. I perioden har kommunen hatt ein auke i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter med 15,9 prosentpoeng. Både brutto driftsinntekter og netto lånegjeld har auka i perioden.

Netto lånegjeld har auka dei siste tre åra der dei fem største investeringane har vore utbygging av Melsgjerdet industriområde, bygging av Sæbø skule og barnehage, tilbygg på Ørsta ungdomsskule, ombygging av det gamle legesenteret til Ørsta velferdshus og bygging av sambindingsveg i Smådalane (Melsvegen–Hansholen).

Kommunestyret vedtok finansielle måltal for 2022 i møte den 09.12.2021 i sak om budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025. I vedtaket står det at netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekt over tid ikkje bør overstige landsgjennomsnittet utan Oslo. I 2022 var lånegjelda 127,5 % og dette var 34,4 prosentpoeng høgare enn måltalet.

KOSTRA-analyse

Administrasjon og styring

Netto driftsutgifter til administrasjon og styring rekna i prosent av totale netto driftsutgifter. Dette inkluderer utgifter til politisk styring, kontroll og revisjon, administrasjon, forvaltningsutgifter i eidegomsforvaltninga og administrasjonslokale. Netto driftsutgifter er ein indikator på prioritet.

Administrasjon og styring

	Ørsta 2019	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Volda 2022	Kostragruppe 07 2022	Møre og Romsdal 2022	Landet uten Oslo 2022
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B)	6,3 %	6,2 %	6,1 %	6,3 %	8,0 %	6,5 %	6,6 %	6,5 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser netto driftsutgifter til administrasjon og styring i Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2019-2022. I denne perioden har kommunen sine netto utgifter til administrasjon og styring vore relativt stabile. Ørsta har også i 2022 den lågaste prosenten i denne tabellen.

Politisk styring

Brutto driftsutgifter for funksjon 100 Politisk styring rekna i kr pr. innbyggjar, justert for inflasjon og utgiftsbehov. Brutto driftsutgifter er eit mål på produktivitet.

Politisk styring

	Ørsta 2019	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Volda 2022	Kostragruppe 07 2022	Møre og Romsdal 2022	Landet uten Oslo 2022
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) *) **)	459	354	391	332	524	386	442	404

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser brutto driftsutgifter til politisk styring i Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2019-2022. Kommunen har i perioden hatt ein nedgang i utgiftene til politisk styring med kr 127 pr. innbyggjar. Dette tilsvarar ein reduksjon på kr 0,8 mill.

Noko av årsaka til reduksjonen skuldast at 2019 var eit valår, medan det ikkje var val i 2022.

Arbeidskapital

Arbeidskapital ekskl. premieavvik rekna i prosent av brutto driftsinntekter. Dette vert definert som differansen mellom omløpsmiddel ekskl. premieavvik og kortsiktig gjeld ekskl. premieavvik. Dette er eit uttrykk for kommunen sin likviditet, dvs. den evna kommunen har til å betale rekningar/krav etter kvart som dei forfell. Premieavvik er halde utanfor definisjonen for gi eit betre uttrykk for likviditeten.

Arbeidskapital

	Ørsta 2019	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Volda Kostragruppe 2022	07 2022	Møre og Romsdal 2022	Landet uten Oslo 2022
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (B)	12,4 %	14,2 %	7,9 %	8,4 %	14,3 %	19,2 %	17,5 %	21,8 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser utviklinga i arbeidskapital ex. premieavvik i Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2019-2022. I perioden har kommunen sin arbeidskapital ekskl. premieavvik vorte redusert med 4,0 prosentpoeng.

Det har vore eit mål for kommunen å halde både gjeldsnivået og unytta lånemidlar lågast mogleg. Dei siste åra har det difor vore nytta ledig likviditet til å forskottere investeringane i staden for å ta opp lån i samsvar med løyvingane i budsjettet.

Dette fører til at arbeidskapitalen vert lågare, men risikoen med dette vert vurdert som låg sidan kommunen har god kontroll med likviditeten og at det vanlegvis ikkje er vanskeleg å få nye lån i marknaden ved behov relativt raskt.

Netto lånegjeld pr. innbygger

Netto lånegjeld i kroner pr. innbygger. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (ex. pensjonsforpliktingar) fråtrekt totale utlån og unyttta lånemiddel. Totale utlån inneheld formidlingslån og ansvarlege lån. Dette omfattar dermed utlån der mottekne avdrag skal inntektsførast i investeringsrekneskapen, i tillegg til innlån der det skal betalast avdrag i driftsrekneskapen. Lånegjeld pr. innbygger er ein direkte konsekvens av nyinvesteringar, totalrenovering og betalte avdrag.

Netto lånegjeld pr. innbygger

	Ørsta 2019	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Volda 2022	Kostragruppe 07 2022	Møre og Romsdal 2022	Landet uten Oslo 2022
Netto lånegjeld i kroner per innbygger (B) *)	103 558	108 257	117 533	123 890	152 728	102 075	118 840	93 929

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser netto lånegjeld i kroner pr. innbygger i Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2019-2022. I perioden har netto lånegjeld auka med kr 20 332 pr. innbygger, justert for inflasjon. Dette svarar til ein auke på 19,6 %. Samanlikna med kostragruppe 7, har Ørsta kommune kr 21 815 (21,4 %) meir i lånegjeld pr. innbygger.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter. Dette viser kor stor del av inntektene til kommunen som kjem frå utskriving av eigedomsskatt.

Eigedomsskatt

	Ørsta 2019	Ørsta 2020	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Volda 2022	Kostragruppe 07 2022	Møre og Romsdal 2022	Landet uten Oslo 2022
Eiendomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter (B)	2,5 %	2,0 %	2,0 %	1,9 %	2,2 %	2,1 %	3,9 %	3,0 %

*) Inflasjonsjustert med deflator**) Justert for utgiftsbehov

Figuren viser eigedomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter for Ørsta kommune, samanlikna med andre kommunar i perioden 2019-2022.

Frå og med 2007 var det høve til å skrive ut eigedomsskatt i heile kommunen. I Ørsta kommune vart det innført eigedomsskatt på verk og bruk i 2013 og for andre eigedomar frå og med 2014.

Inntekta frå eigedomsskatt har medverka til at kommunen har fått eit positivt handlingsrom, økonomisk sett.

Vesentlege avvik - drift

§ 5-4, 1. ledd - Oversikt løyvingar til drift (1A)

Brutto driftsinntekter (ref. økonomisk oversikt etter art – drift) var i 2022 kr 1 042 mill. Dersom ein set grensa for kva som er vesentleg til 1 %, vil avvik større enn kr 10,4 mill. vere vesentlege.

Tabellen viser at avviket på «Sum løyvingar til drift, netto» er på kr 16,3 mill. og dermed høgare enn 1 %. For nærare spesifikasjon av avvik, sjå oversikt løyvingar til drift, fordelt.

§ 5-4, 2. ledd - Oversikt løyvingar til drift, fordelt (1B)

Tabellen viser rekneskap og budsjett i % av netto ramme pr. seksjon. Vesentlege avvik på seksjonane vert vurdert til å vere over 1 % av netto ramme.

	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik av eiga ramme	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Avvik i prosent- poeng
Netto driftsutgifter pr. seksjon				Del av netto ramme	Del av netto ramme	
Politikk	4 696	5 229	-10,2 %	0,6 %	0,7 %	-0,1 %
Kommunedirektør	39 662	41 000	-3,3 %	5,4 %	5,8 %	-0,4 %
Kultur og landbruk	11 469	11 150	2,9 %	1,6 %	1,6 %	0,0 %
Skule	163 848	161 293	1,6 %	22,4 %	23,0 %	-0,6 %
Barnehage	107 466	102 592	4,8 %	14,7 %	14,6 %	0,1 %
Helse og velferdstenester	155 863	138 269	12,7 %	21,3 %	19,7 %	1,6 %
Omsorg og sjukeheim	132 962	128 500	3,5 %	18,2 %	18,3 %	-0,1 %
Eigedom	30 619	33 200	-7,8 %	4,2 %	4,7 %	-0,5 %
Tekniske tenester	38 662	32 500	19,0 %	5,3 %	4,6 %	0,7 %
Andre område	-11 181	-3 690	203,0 %	-1,5 %	-0,5 %	-1,0 %
Samarbeidsområde	57 595	52 286	10,2 %	7,9 %	7,4 %	0,4 %
Sum løyvingar til drift, netto	731 660	702 329	4,2 %	100,0 %	100,0 %	0,0 %

Vesentlege avvik - drift

Ved samanlikning av rekneskap og budsjett, viser sum netto for seksjonane eit meirforbruk på kr 29,3 mill. Dei største avvika er på Andre område, med eit avvik på 203,0 % (kr 7,5 mill.), Tekniske tenester, med eit avvik på 19,0 % (kr 6,2 mill.) og Helse og velferdstenester, med eit avvik på 12,7 % (kr 17,6 mill.). Alle seksjonane oversteig 1 % i avvik av eiga netto ramme. Ein del av avviket kan forklarast med auka utgifter som følgje av Covid-19, der ekstra løyvingar kom så seint på året at det ikkje vart tid til å gjere vedtak om auka rammer, men mange seksjonar må i tillegg gjennomføre større endringar i drifta eller budsjettet i løpet av året for å redusere avviket.

Helse og velferdstenester

I 2021 hadde denne seksjonen eit meirforbruk på 2,6 %. I 2022 har dette avviket auka til 12,7 %. Seksjonen har forklart noko av årsaken til dette i si årsmelding, men kan godt verte endå meir konkret når det gjeld kva tiltak som kan gjerast for å få ned avviket.

Eigedom

I 2021 hadde denne seksjonen eit meirforbruk på 3,4 %. I 2022 er dette avviket på -7,8 %. Sjølv om det er betre med eit mindreforbruk enn eit meirforbruk, er dette avviket vesentleg når det gjeld kor mykje er nytta av midlar på denne seksjonen i forhold til løyvingane.

Tekniske tenester

I 2021 hadde denne seksjonen eit meirforbruk på 6,3 %. I 2022 er dette avviket auka til 19,0 %. I årsmeldinga kan seksjonen godt verte endå meir konkret når det gjeld årsak og tiltak til korleis dette avviket kan reduserast.

Samarbeidsområde

I 2021 hadde denne seksjonen eit meirforbruk på 19,8 %. I 2022 er dette avviket på 10,2 %. Seksjonen omfattar m.a. interkommunalt barnevern og legetenesta. Desse er kommentert i årsmeldingane under helse-, omsorg- og velferds-områda.

Andre seksjonar

Dei andre seksjonane har i 2022 anten eit mindreforbruk eller eit meirforbruk på under 5 %, noko som framleis vert sett på som eit vesentleg avvik. For fleire detaljar, sjå årsmeldinga frå dei ulike seksjonane.

Vesentlege avvik - investering

§ 5-5, 1. ledd - Oversikt løyvingar til investering (2A)

Når det gjeld oversikt løyvingar til investering, vert vesentlege avvik vurdert til å vere kostnadsoverskridingar – og forseinka framdrift som kan føre til kostnadsoverskridingar.

Sum investeringar var på kr 240 mill. Opphavleg budsjett var på kr 270 mill. medan revidert budsjett inkl. rebudsjetteringar var på kr 417 mill. Dette viser at det framleis er eit vesentleg etterslep av investeringar som kan føre til vesentlege avvik i investeringsrekneskapen.

§ 5-5, 2. ledd - Oversikt løyvingar til investering, fordelt (2B)

Tabellen viser meir- eller mindreforbruk pr. prosjekt og totalt. Samla meirforbruk vert kommentert etter tabellen.

Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2022	Revidert budsjett 2022	Meir- forbruk kr	Mindre- forbruk kr
Frå oversikt løyvingar til investering:				
Investeringar til fordeling (netto)	240 023	417 045	-79 090	256 112
Fordeling på prosjekt:				
Symjehall Ørsta sentrum - nybygg ved fleirbrukshall (501603)	144	620	0	476
Skule Ørsta sentrum - nybygg (501858)	3 881	111 071	0	107 190
Ørsta ungdomsskule - tilbygg (212005)	46 619	50 973	0	4 354
Ørsta kulturhus - oppgradering sambruk med Ørsta VGS (312006)	3 205	3 000	-205	0
Sæbø - skule og barnehage (501701)	39 736	48 893	0	9 157
Ørstaheimen - felleskjøkken ombygging (501903)	0	4 500	0	4 500
Ørstaheimen - ombygging 3. etg til sjukeheimsplassar (212001)	1 331	4 500	0	3 169
Brannsikringsplan for trehus i Kyrkjegata	0	125	0	125

Engesetvegen - teknisk oppgradering - grunnspørsmål	743	0	-743	0
Ose B8 (602106)	0	50	0	50
Osmarka II, slutføring og Osmarka 3	32	0	-32	0
Industrivegen 44 GBR 58/37 (ref 029901)	2 666	0	-2 666	0
Justeringsrett PeMarka 2020-2029 (702001)	93	0	-93	0
Ose B9 - utbyggingsavtale (622112)	1 618	0	-1 618	0
Grunn ved Holane på Ose	4	0	-4	0
Fremre Mo B10 - regulering, grunnkjøp og opparbeiding (261612)	202	5 000	0	4 798
Legene - utviding av bustadfelt (601707)	532	1 000	0	468
Sæbø Brygge - utbyggingsavtale (622023)	45	45	-0	0
Mosbakkane bustadfelt B11	83	0	-83	0
Liadal, infrastruktur, 4 - 6 tomter (601703)	0	500	0	500
Barstadvik - bustadtomter (602001)	0	500	0	500
Sætrebakkane bustadfelt	21	0	-21	0
Hovden næringsområde, sør for flyplassen - grunnkjøp (268811)	0	7 000	0	7 000
Melsgjerdet - infrastruktur (601515)	69 646	0	-69 646	0
Mosflatene næringsområde (530801)	32	0	-32	0
Strandgata - opprusting etter reguleringsplan trinn 1 (622014 ref 032903)	13 313	12 915	-398	0
Austlidvegen opprusting (622016 ref 032903)	1 009	791	-218	0
Holmegata - grunn til fortau mot sør, ovanfor framtidig ny vidaregåande skule (2	0	250	0	250
Sal av grunn, Engeset. G16, B235	21	0	-21	0
Grunn Simahaugen, kjøp og sal	15	0	-15	0
Bakkevegen grunnkjøp	10	0	-10	0
Torvmyrane (621513)	0	250	0	250

Sambindingsveg Smådalane (Melsvegen-Hansholen) (621702)	538	0	-538	0
Sambindingsveg Leitevegen (Rystefeltet-Hovden) (621751)	0	10 025	0	10 025
Flyplasskrysset (602002 & 601905)	0	500	0	500
Sambindingsveg Mosflata (Mosflatevegen-Melsvegen) (621716)	0	875	0	875
Standalbakkane - oppgradering (621913)	3	0	-3	0
Gangveg Dalevegen - Mosvegen til Brungot - forskottering	487	0	-487	0
Oppgradering vegar/bruer for å tole tømmertransport (621712)	3 047	5 000	0	1 953
Samferdsleprosjekt - planlegging og prosjektering (601855)	0	3 000	0	3 000
IKT - breibandutbygging innan Ørsta kommune (211905)	4 085	3 400	-685	0
ROS-analyse ISPS Hjørundfjorden (602107)	0	196	0	196
Gatelys (621304)	978	362	-616	0
Trafikktryggingstiltak (621407)	336	876	0	540
Tettstadsutvikling - oppfølging av reguleringsplan Ørsta sentrum (601853)	0	690	0	690
Tettstadsutvikling - Havtor Hovden-plassen (601901)	0	1 125	0	1 125
Grunnkjøp - oppfølging av sentrumsplanen (211903)	0	2 247	0	2 247
Tettstadsutvikling - sjøpromenaden (602004)	0	225	0	225
Grunnkjøp - Kyrkjevoren - området mot aust (212102)	0	350	0	350
Tettstadsutvikling - veg E39 - Vikeøyane (622104)	0	1 250	0	1 250
Askjellhaugen gravplass - frådeling	24	0	-24	0
Tettstadsutvikling Sæbø - Sæbø fjordtorg oppgradering (622013)	37	3 205	0	3 168

Ørsta kommune - Årsmelding 2022 – Årsrekneskap 2022

Snøplog V-plog VT320 2022	219	0	-219	0
Grunn til gangveg Bakk-Ola-Marka - Langebakkane (212101)	0	180	0	180
Grunn vernesone Vikeelva (ref 029901)	17	17	0	0
Brekkeheida - stiar	0	1 000	0	1 000
Parkanlegg (621313)	0	548	0	548
Toalett friområde (621701)	0	776	0	776
Nærmiljøanlegg (601852)	150	1 328	0	1 178
Turvegar - utviklingsplan og opparbeiding (601854)	0	500	0	500
Skår ferjekai - opprusting (621209)	35	388	0	353
Rjånes ferjekai, utvikling av område (621852)	0	625	0	625
Grunnkjøp diverse (261759)	0	4 917	0	4 917
Vikegeila vassverk m/ basseng (620899)	96	2 138	0	2 042
Sæbø vassverk - oppgradering (621914)	41	1 000	0	959
Slamkiosk Vikeøyra (ref 032903)	521	521	-0	0
VA: Sanering Hovdebygda del 3 (622109 ref 032903)	9 053	9 053	-0	0
Dalevegen - Mosvegen til Brungot Sanering VA (ref 032903)	396	396	-0	0
Vasskiosk Ripateigane (ref 032903)	845	845	0	0
Nye vasskummar (621308 ref 032903 og 032905)	366	366	-0	0
Sanering VA diverse (621918)	0	1 744	0	1 744
VA - oppgradering Ørsta og Hovdebygda	0	16 576	0	16 576
VA- oppgradering Sæbø, Vartdal og Barstadvik	0	2 000	0	2 000
Geodataplan - vidareføring (641301)	0	599	0	599
Pickup anlegg avløp (622103)	0	480	0	480
Lastebil, anlegg vatn (622106)	0	645	0	645

Ørsta kommune - Årsmelding 2022 – Årsrekneskap 2022

Hjulgravemaskin vatn og avløp Cat M314 (ref 032903)	2 745	2 745	0	0
Cat M 314 Hjulgravemaskin	0	0	0	0
Velle skule - paviljong (502107 ref 062901)	4 339	4 527	0	188
Velle skule - klasserom og brannsikring (501609 ref 062902)	847	3 070	0	2 223
Hovdebygda barnehage - Ombygging loft til arbeidsrom m.m. (502002)	44	3 273	0	3 229
Dalane skule - brannsikring og bygningsteknisk oppgradering (502001 ref 042302)	0	0	0	0
Dalane skule - brannsikring	35	31	-4	0
Ørsta ungdomsskule - inventar til tilbygg 2022	1 318	1 120	-198	0
Ørsta ungdomsskule - tavler til tilbygg 2022	377	375	-2	0
Sæbø barnehage - inventar til nybygg	720	1 125	0	405
Sæbø skule - inventar	1 122	1 500	0	378
IKT - skule (261502)	2 246	2 202	-44	0
Vartdal skule - branntekn dok og SD-anlegg (501509)	108	120	0	12
Minibuss til skuleseksjonen (322006)	0	400	0	400
Hardbruksbustadar - frittliggende småhus 3 stk (501853)	0	6 239	0	6 239
Ørstaheimen - solskjerming (501617)	0	1 220	0	1 220
Ørstaheimen - branndokumentasjon og lukking av branntekniske avvik (jf 501505) (	15	8 113	0	8 098
Ørstaheimen - Ombygging av pasientrom til skjermingsrom (502008)	0	1 250	0	1 250
Ørstaheimen - adgangskontroll (502102)	0	1 700	0	1 700
Hjørundfjordheimen - Nytt tak	0	1 625	0	1 625
Ørstaheimen - barrierevaskemaskiner fellesvaskeriet (472103)	1 105	1 096	-9	0
Ørstaheimen - møblar/inventar	540	769	0	229

Ørsta kommune - Årsmelding 2022 – Årsrekneskap 2022

Institusjon - Nye sengelampar	156	390	0	234
Dataprogram Matilda til kjøkken på Ørstaheimen (472101)	0	0	0	0
IKT - Velferdsteknologi Vartdal helsetun (ref 054901)	158	158	0	0
IKT - velferdsteknologi og varsling (211851)	1 289	9 726	0	8 437
Hjørundfjordheimen - smittevern. Ny dalastove og kjøkken (ref 055301 og 062903)	993	993	-0	0
Vartdal helsetun - Naudstraumsaggregat (ref 055902)	1 849	1 849	-0	0
Legionella - system for bekjemping av smitte (501901)	0	2 085	0	2 085
Institusjonar - naudstraumsaggregat (501902)	0	94	0	94
Kommunale bustadar - Ekstra brannsikringstiltak sårbare leigetakarar (502005)	0	720	0	720
Kommunale bustadar - Mobile vanntåkeanlegg (brannforebygging) 6 stk (502006)	0	599	0	599
Minibuss Ørstaheimen/dagaktivitetstilbod	0	1 200	0	1 200
KLP - pliktig kjøp av andelar (521401)	2 101	2 400	0	299
Flyktningbustadar store (501615)	0	200	0	200
Fleirbrukshall - bygging	31	0	-31	0
Brannøvingsanlegg på Melsgjerdet (602006)	4	0	-4	0
Gamle rådhus totalrenovering og energisparing 3. etg (ref 062903)	754	754	0	0
Nytt strauminntak Ørsta rådhus (502119 ref 062901)	1	90	0	89
Gamle rådhus totalrenovering og energisparing 2. etg (ref 062903)	365	365	-0	0
Ørstaterminalen - utvikling	-64	0	0	64
Kommunale eigedomar - oppgradering (501508)	0	1 042	0	1 042
Brannstasjonsbygningar (601751)	0	212	0	212

Ørsta kommune - Årsmelding 2022 – Årsrekneskap 2022

Kommunale bygg - driftssparande tiltak (502104)	0	4 624	0	4 624
Flishoggar parkavdeling (ref 028901)	311	311	-0	0
Gravemaskin lita parkavdeling (ref 028901)	435	464	0	29
Nytt biblioteksystem	0	250	0	250
IKT - investeringer (211301)	1 009	625	-384	0
IKT - kabling eigedomar (211902)	1 251	2 830	0	1 579
Ørsta rådhus - Uteområde, parkering, uu, bosrom m.m. (212002)	3 474	3 474	0	0
Rådhus tekniske rom ved gang totalrenovering/brannsikring, (ref 065901)	446	446	0	0
Kommunale eigedomar - asfaltering og tiltak uteareal (501616)	439	470	0	31
Brannbil med stige/høgdereiskap (602101)	80	434	0	354
Ny hovudbrannbil Vartdal - fornying av bilar og utstyr (602007)	0	311	0	311
Driftsutstyr - bilar, maskiner m.m. (501906)	0	250	0	250
Driftsutstyr - robotteknologi, reinhaldsmaskiner m.m.	0	406	0	406
El-bilar / kommunale tenestekøyrety (502103)	0	50	0	50
Lastberer park/kyrkjegard (622101 ref 028901)	2 817	2 817	-0	0
Pickup parkavdeling (622102)	15	0	-15	0
Varebilar til seksjon Eigedom	0	1 080	0	1 080
Kjøp VW Transporter 2018, UN38265	250	250	0	0
Tettstadsutvikling - uteområdet mellom fleirbrukshallen og ungdomsskulen	23	0	-23	0
Klimaplantiltak 50/50-midlar (261756)	0	625	0	625

Vesentlege avvik - investering

Den vanlegaste årsaka til meirforbruk er at det vert ført kostnader på eit prosjekt som ikkje har budsjettmidlar, eller at det vert ført meir kostnader på eit prosjekt enn det er budsjettmidlar til. I slike tilfelle skuldast meirforbruket i hovudsak at rutinane ikkje vert fylgde.

Dersom rammene undervegs i prosjektet viser seg å ikkje halde, skal dette meldast til politisk nivå før arbeidet held fram. Ved hastetiltak som ikkje kan vente skal dette først avklarast med ordførar/kommunedirektør og deretter leggst fram til politisk behandling ved første høve. Dersom kostnadsauken vert kjend så seint på året at den ikkje kan behandlast politisk før nyttår, vil det føre til meirforbruk då det ikkje kan vedtakast budsjettendringar for tidlegare år.

Det er ofte ein skilnad mellom overslaget ein gjer til budsjettet og den endelege prisen ein får i eit tilbod. Dette skal rettast opp med eit politisk vedtak om budsjettendring før prosjektet vert starta opp. Å leggje eit overslag så høgt at ein ikkje treng budsjettendring er ikkje tilrådeleg, då det kan føre til at dei som leverer tilbod justerer prisen til eit høgare nivå.

For å få ei meir korrekt utgiftsføring og budsjettstyring på investeringsprosjekta, har det dei siste åra vorte sett i verk fleire administrative tiltak. M.a. har nokre av investeringane av praktiske omsyn vorte delte opp i delprosjekt. Då har det i prosjektnamnet vorte referert til prosjektnr. der midlane står.

Det er elles etablert fleire tidspunkt for gjennomgang av investeringane gjennom året, m.a. gjennom førebuingane til budsjett, rebudsjettering, investeringsplan og tertialrapportering. Det skal både teoretisk og praktisk sett vere mogleg å redusere meirforbruket til eit minimum.

Rutinane for budsjettering av investeringar har hatt eit stort fokus i mange år med mål om at betring av rutinane og intern opplæring skal gi ein vesentleg positiv effekt. Kommunedirektøren ser ei vesentleg betring dei siste to åra, men det er framleis eit potensial for betring. Arbeidet vil difor halde fram også i 2023.

Når det gjeld mindreforbruk kan ei av årsakene vere at prosjekt har vorte rimelegare eller mindre omfattande enn budsjettert, men den viktigaste årsaka er manglande kapasitet til å gjennomføre dei budsjetterte prosjekta innanfor budsjettåret. Tabellen nedanfor viser at kommunen dei siste åra berre har gjennomført mellom 43 % og 63 % av budsjetterte investeringar. I gjennomsnitt har det vore ein gjennomføringsgrad på 53 % dei siste fire åra.

Gjennomføringsgrad investeringar

Tal i heile 1000 kr	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022
Investeringar revidert budsjett	246 864	358 059	405 911	414 395
Investeringar rekneskap	108 654	153 745	255 757	237 717
Ikkje gjennomførte investeringar	138 210	204 314	150 154	176 678
Gjennomføringsgrad	44,0 %	42,9 %	63,0 %	57,4 %

Som ein konsekvens av låg gjennomføringsgrad har det vore store rebudsjetteringar dei siste åra. Det er positivt at gjelda ikkje aukar like mykje som budsjetttert, men det er uheldig at budsjettet ikkje er så realistisk som det bør vere. Kommunedirektøren tek høgde for noko av dette i samband med budsjettarbeidet og justerer låneopptak, renter og avdrag, men det hadde vore betre dersom investeringsplanen hadde vore meir tilpassa kapasiteten.

Det vil vere vanskeleg å auke gjennomføringsgraden ved å leige inn eksterne konsulentar då det uansett vil krevje mykje interne ressursar til å overføre kunnskap mellom kommunen og konsulentane. Kjøp av tenester vil dessutan føre til auka prosjektkostnader.

Avvik investeringar 2019 - 2022

Tal i heile 1000 kr	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022
Meirforbruk	16 895	23 674	*17 370	*9 445
Mindreforbruk	-155 107	-227 893	-240 748	-256 112
Sum avvik	-138 212	-204 219	-223 378	-246 667

*) Beløpet er justert manuelt då det er bokført ikkje godkjende kostnader på eitt av prosjekta.

Tabellen ovanfor viser at mindreforbruket har auka dei siste åra. Etter ein auke i meirforbruket i 2020 har det dei to siste åra vore ein reduksjon. Det har vore arbeid mykje med å få ned meirforbruket i mange år, og håpet er at den positive utviklinga held fram. Målet er at meirforbruket skal ligge så nær 0 som praktisk mogleg.

Nokre av avvika kan forklarast rekneskapsteknisk, t.d. prosjektet Justeringsrett PeMarka som ikkje har kostnader, berre eit mva-grunnlag som vert bokført for å krevje inn mva-refusjon. Sjølv om kvart avvik truleg har ei god forklaring, er det diverre framleis for mange tilfelle der det vert nytta midlar det teknisk sett ikkje er gjort ei formell løyving til.

Etter innspel frå kommunedirektøren vedtok kontrollutvalet i sak 32/20 den 25.06.2020 at det skulle gjennomførast eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til tilleggsløyvingar – investering. Rapporten frå dette prosjektet har vorte nytta som grunnlag for vidare arbeid med å redusere meirforbruket. Det har

sidan 2020 vore ei positiv utvikling med politiske saker der det har vorte orientert om manglande løyvingar med forslag til endra finansiering. Det er eit håp om at dette vil føre til ei vidare positiv utvikling også i 2023.

Status på kvart investeringsprosjekt skal kommenterast i årsrekneskapen. Diverre vert det ofte berre kommentert på framdrift og i mindre grad når det gjeld meirforbruk. Dette vert følgt opp i 2023, også når det gjeld tertialrapportane framover.

Eit anna hjelpemiddel for å få ned avviket kan vere å investere i eit prosjektstyringssystem som kan rapportere forbruk og framdrift i sanntid og dermed varsle tidlegare når det er fare for avvik. Det vart gjort eit forsøk i samband med anskaffing av nytt økonomi-, løns- og HR-system, men det var ikkje mogleg å få til då. Håpet er at det skal vere mogleg å få til dette på eit seinare tidspunkt.

Unyttta lånemidlar

Det har i mange år vore ei målsetjing å halde nivået på unyttta lånemidlar lågast mogleg. Tidlegare vart låneopptak gjennomførte før vedtekne prosjekt vart igangsette. For å halde lånegjelda og renteutgiftene på eit lågare nivå, vert det no i større grad nytta ledig likviditet før låneopptak vert gjennomført. Tidspunkt for låneopptak vert elles tilpassa vilkåra i lånemarknaden og nivået på unyttta lånemidlar vil difor variere frå år til år.

Auken i 2022 skuldast at det ikkje vart gjennomført så store investeringar på slutten av året som forventa då årets låneopptak vart gjennomført i oktober.

Tal i 1000 kr	2019	2020	2021	2022
Unyttta lånemidlar	34 556	50 596	43 695	88 336

Konsekvensar av utsetjing av låneopptak

Kommunen har relativt god rente på innskot og relativt gode vilkår på lån. Nettoeffekten av å utsetje låneopptaka kan difor i mange tilfelle føre til at kommunen samla sett taper meir i renteinntekter enn det som vert spart i renteutgifter. På den andre sida fører auka gjeld til auka minimumsavdrag. Målet er difor å halde unyttta lånemidlar på eit lågast mogleg nivå.

Valet om å utsetje låneopptaka er basert på politikk og ikkje økonomi.

Vesentlege avvik - premiss

Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane

Dersom det er avvik mellom budsjettert og faktisk kostnad eller premiss skal det fremjast sak for kommunestyret der dei tek stilling til om ramma eller premissen for drifta eller investeringa skal endrast. Det er ikkje sett vesentlege premissar til bruken av løyvingane korkje når det gjeld drift eller investering.

I budsjettbehandlinga vedtok kommunestyret ei generell netto økonomisk ramme til drift innanfor dei ulike seksjonane. På investeringssida vart det vedteke generelle brutto økonomiske rammer for kvar enkelt investering, der fokus i hovudsak var på finansiering i tillegg til ev. positive eller negative driftskonsekvensar.

Det var opphavleg budsjettert med investeringar på kr 269,9 mill. og eit låneopptak på kr 212,4 mill. Etter rebudsjettering og endra løyvingar gjennom året viser revidert budsjett ei brutto investering på kr 417,0 mill. og eit låneopptak på kr 331,1. Faktisk investering vart kr 240,0 mill. brutto og faktisk bruk av lån vart kr 178,7 mill.

Det var føresett ein pensjonssats i KLP på 13,10 % medan den endelege vart på 21,10 %. Pensjonssatsen i SPK var budsjettert til 8,76 % medan endeleg sats vart på 7,84 %. Elles var det føresett ei lånerente på 1,59 % medan faktisk rentesats vart 1,82 % i gjennomsnitt.

I budsjettet var det også føresett full kompensasjon for tapte inntekter etter grensejusteringa i Bjørkeområdet tilsvarande kr 9,9 mill. I januar 2023 vart det semje om at Volda kommune skal betale erstatning i tolv år fom. 2020. I 2022 vart det inntektsført erstatning for 65 % av tapte inntekter frå eigedomsskatt for kraftverk og konsesjonskraft for perioden 2020 - 2022, til saman kr 8,5 mill.

Avdrag og avskrivningar

Teoretisk sett bør avskrivningar og avdrag vere om lag like store. Tabellen nedanfor viser endringar i avskrivningar og avdrag i perioden 2019–2022.

Konto (tal i heile 1000 kr)	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022
Avskrivningar	36 635	43 334	45 240	49 517
Avdrag på lån	27 247	40 122	39 157	43 681
Avvik	9 388	3 212	6 083	5 836

I 2019 var avviket større fordi ein då betalte minimumsavdrag etter gammal kommunelov. I tillegg auka ikkje lånegjelda like mykje som investeringane. Låneopptak vert no berre gjennomført etter behov samtidig som at stadig meir ledig likviditet vert nytta.

Lågare avvik i 2020 skuldast auka minimumsavdrag etter ny kommunelov, noko som var venta.

Avvika i 2021 og 2022 ligg noko høgare enn i 2020, men framleis innanfor det intervallet som er venta.

Det har ikkje har skjedd spesielle endringar innan dette området det siste året.

Personal og organisasjon

Likestilling

Utgreiing om likestilling for Ørsta kommune 2022

Frå 2020 er aktivitets- og redegjøringsplikten (ARP) styrka, i samsvar med Likestillings- og diskrimineringslova, som gjeld frå januar 2018.

For offentlege verksemdar betyr desse endringane at:


- Alle arbeidsgjevarar skal jobbe med å hindre samansett diskriminering, kjønnsbasert vald og seksuell trakassering
- Verksemdene skal følgje ein lovbestemt arbeidsmetode på fire trinn når ein skal jobbe med likestilling
- Alle verksemdene skal kartleggje lønnsforhold etter kjønn og ufrivillig deltidsarbeid annakvart år
- Verksemdene må gjere greie for arbeidet med aktivitetsplikta

Del 1: Utgreiing for kjønnslikestilling

1.1 Kjønnsbalanse:

Kjønnsbalansen har vore stabil over år, med eit forholdstal på om lag 80/20 mellom kvinner/menn. Frå 2021 til 2022 har talet på menn auka til 23%, medan del årsverk framleis er 21%. Menn vert til ein viss grad oppfordra til å søkje stillingar i t.d. barnehagar, men ved tilsetjing vert kvinner og menn stilt likt, det er den samla kompetansen i høve til krav til stillinga som vert avgjerande. I heiltidskultur er eitt av måla å skape attraktive stillingar og arbeidsplassar. I ein deltidskultur der små stillingar og mangel på kontinuitet er resultatet, er det grunn til å tru at menn vil søkje seg vekk eller ikkje søkje i det heile.

Når me ser på korleis kvinner og menn fordeler seg i ulike aldersgrupper, ser me at talet på menn er høgast og held seg stabil blant tilsette over 35 år.




Kjelde: Visma/BI/HRM

Kjønnsfordeling på ulike område, prosent

År		2021	2021	2022	2022
		Prosent		Prosent	
Org.enhet Gruppe1		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
0	Ukjent org.enhet	71,43%	28,57%	33,33%	66,67%
20000	Kommunedirektør	75,44%	24,56%	76,92%	23,08%
31000X	Kultur og landbruk	42,86%	57,14%	45,16%	54,84%
32000X	Skule	73,25%	26,75%	75,79%	24,21%
33000X	Barnehage	90,91%	9,09%	91,03%	8,97%
41000x	Helse og velferd	91,18%	8,82%	91,67%	8,33%
47000x	Omsorg og sj.h.	93,55%	6,45%	93,05%	6,95%
51000X	Eigedom	62,30%	37,70%	63,79%	36,21%
60000X	Tekniske tenester	13,41%	86,59%	14,61%	85,39%

Kjelde: Visma/BI/HRM

1.4 Kvinner og menn i høve til stillingsstorleik



Kjelde: Visma/BI/HRM

Kommunen har tilsett brannkonstablar i om lag 1,06% stilling. Desse kjem inn i statistikken for stillingar 0-24% med tre kvinner og 38 menn. Desse har andre stillingar i tillegg, enten i kommunen eller i andre verksemdar. Dei kan såleis ikkje sidestillast med andre tilsette i deltidsstillingar under 25 %.

1.5 Omfang av deltid

1.6 Gjennomsnittleg stillingsstorleik

	Gjennomsnittleg stillingsstorleik i Ørsta kommune	Gjennomsnittleg stillingsstorleik skule	Gjennomsnittleg stillingsstorleik barnehage	Gjennomsnittleg stillingsstorleik helse og omsorg
2017	73 %	77 %	74 %	70 %
2018	74 %	78 %	76 %	71 %
2019	75 %	80 %	77 %	72 %
2020	77 %	80 %	79 %	74 %
2021	76 %	81 %	80 %	73 %
2022	77 %	81 %	80 %	74 %

Henta frå tabell 9a i statistikpakken

1.7 Del av tilsette i 100 % stilling

	Del heiltid (100%) Ørsta kommune	Del heiltid (100%) skule	Del heiltid (100%) barnehage	Del heiltid (100%) helse og omsorg
2017	39 %	44 %	36 %	30 %
2018	42 %	48 %	39 %	32 %
2019	46 %	55 %	44 %	34 %
2020	48 %	52 %	54 %	37 %
2021	48 %	54 %	53 %	38 %
2022	52 %	55 %	56 %	42 %


Henta frå tabell 9a i statistikpakken

Ørsta kommune er inne i ein omfattande prosess for å skape heiltidskultur. Tabellen over viser at det er ein stor jobb kommunen har teke til på. Kommunen har ein jamn auke i talet på tilsette i 100 % stilling, frå 2021 til 2022 har talet auka med 33 tilsette. Det er no 52 % av arbeidsstokken er tilsette i 100 % stilling, dette er ein auke frå 2021. Gjennomsnittleg stillingsstorleik har vore stabil på 77 % dei siste tre åra. Dette viser at vi er på rett veg, men kommunen er framleis prega av ein deltidskultur, og er framleis heilt avhengig av innleige av vikarar og vikarbyrå. Heiltidskultur handlar i stor grad om haldningar og har store positive konsekvensar for brukarane, for arbeidsmiljøet og for organisasjonen. Det er avgjerande for å sikre kvalitet i tenestene og for at kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar. Ørsta kommune har satsa breitt, og vil ta med alle tenesteområde, der alle dei tilsette, tillitsvalde og leiarane skal vere involverte. Det er også viktig at dei folkevalde følgjer prosessen, kan støtte opp og vere pådrivarar. Dei partssamansette gruppene (Gneist-gruppene) på alle einingane er sentrale aktørar. Heiltidskultur har fått eit eige kapittel og er godt forankra i arbeidsgjevarstrategien. Frå 2020 har kommunen hatt eit særskilt fokus på heiltidskultur i helse og omsorgseiningar med heildøgns omsorg. Heiltidskultur er ikkje eit mål i seg sjølv - målet for denne satsinga er: Saman om ei berekraftig framtid i helse og omsorg


1.8 Stillingsprofil – planlagt og faktisk bemanning - heildøgns drift

Ørsta kommune har gjennomført ein bemanningsanalyse i dei 12 einingane i helse og omsorg som har heildøgnsdrift. Denne analysen er no oppdatert for 2022 og dei to første månadene i 2023. Grafen under viser stillingsprofilen for den planlagde bemanninga. Den lyseblå og den lilla søyla viser kontinuitetsbærarane, det vil seie tilsette med 80 % stilling eller meir. Den planlagde stillingsprofilen for 2022 viser at 62,3% skal vere kontinuitetsbærarar. Likevel er det planlagt med at 16,3 % av dei tilsette skal stillingar på under 30%.I 2023 er det planlagt at 22% skal ha stillingar mindre enn 30%.

Graf 13: Stillingsprofil, Ansatte og Ubesatte stillinger, Planlagt Bemanning, Totalt Alle År



Graf 14: Stillingsprofil, Faste Ansatte og Tilkallingsvikarer, Faktisk Bemanning, Totalt Alle År




Framlent 2023

Grafen over syner stillingsprofilen for faktisk bemanning i einingane som har heildøgnsdrift. Her er ein svak auke i kontinuitetsbærarar frå 35,1 i 2021 til 36,3 i 2022. Problemet er alle dei små stillingane, som utgjer heile 42,6%. For å rette på dette, er det naudsynt å sjå på god organisering gjennom mellom anna årsturnus og fordeling av helgetimar mellom alle dei tilsette i einingane. Dette er prosessar som held fram 2023.

Figuren under viser alle stillingar i helse og omsorg i 2023, der prikkar er stillingar som det er tilsette i og kryss er stillingar som er ubesette. Fargane indikerer kompetanse. Grafen viser saman hengen mellom stillingsstorleik og helgetimar i høve til besette og ubesette stillingar, og den viser tydeleg at høge stillingar med få helgetimar gjer oss avhengig av små stillingar som me ikkje lyser ut eller tilset i.

Stillingsstørrelser og Helgetimer 2023



Framlent 2023

1.9 Permisjonar og frávær i samsvar med lov og avtaleverk

		Menn	Kvinner
Foreldrepermisjon Gjennomsnittleg tal på permisjonsdagar for kvinner og menn som har tatt ut permisjon	2018	50	100
	2019	68	109
	2020	112	90
	2021	47	104
	2022	75	93
Frávær på grunn av sjuke born, av samla tal på fráværsdagar p.g.a. sjuke born	2019	20 %	80 %
	2020	22 %	78 %
	2021	18 %	82 %
	2022	16 %	84 %

Kjelde: Visma

Foreldrepermisjon

Tabellen syner gjennomsnittleg tal på dagar som kvinner og menn har teke ut foreldrepermisjon. Dette talet vil variere frå år til år, avhengig av kor mange som har foreldrepermisjon og kor stor stilling dei har. Tala for 2022 syner at gjennomsnittleg permisjonsdagar for menn har gått opp frå 2021. Talet på permisjonsdagar for kvinner har gått ned samanlikna med året før. Kvinner som har hatt foreldrepermisjon vel i større grad permisjon med 100 % løn (42, medan 14 har valt permisjon med 80 % løn). Det er gledeleg å sjå at foreldra i større grad deler på permisjonsrettane.

Fråvær pga. sjuke barn

Kommunen har fleire menn i småbarnsalder no enn tidlegare, og arbeidsgjevar ser at mennene i større grad enn tidlegare nyttar seg av retten til å vere heime med sjuke born. Samla tal på fråværsdagar på grunn av sjuke born fordelt på kvinner og menn viser likevel ein nedgang blant menn, frå 18 % i 2021 til 16 % i 2022, som har nytta seg av retten til å vere heime med sjuke born.

Del 2: Utgreiing av arbeidet for likestilling og mot diskriminering

Ørsta kommune ynskjer å arbeide aktivt for likestilling og mot diskriminering. I kommunen sin arbeidsgjevarstrategi er eitt av hovudområda *Mangfald og inkludering*.

Overordna mål:

Ørsta kommune har arbeidsplassar som vert opplevde som trygge og meningsfulle. Ørsta kommune arbeider aktivt for eit godt arbeidsmiljø med vekt på likeverd, likestilling, mangfald og inkludering.

Likestillings- og diskrimineringslova § 6. Forbud mot å diskriminere

Diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder eller kombinasjonar av disse er forbode. Etnisitet handlar mellom anna om nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge og språk.

Vi skal gjere greie for arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering på følgjande område: Kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion / livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering og kjønnsidentitet/kjønnsuttrykk.

2.1 Risikovurdering

Utgreiingsplikta gjeld desse områda, som er med i risikomatrissa:

	Rekruttering	Løn og arbeidsvilkår	Forfremjing/utvikling	Tilrettelegging	Arbeid/familie
Kjønn					
Graviditet					
Etnisitet					
Religion					
LHBTQ+					
Omsorgsoppgåver					
Nedsett funksjons- evne					

Rekruttering

Kommunen lyser ut stillingar med fokus på mangfald og oppfordring til å søke uavhengig av kjønn, funksjonsnivå og etnisitet. Menn blir oppfordra til å søkje i typiske kvinnedominerte yrke som t.d. barnehage, og kvinner blir oppfordra til å søkje i mannsdominerte yrke som t.d. brannkonstabel. Ved utydeleg språk og ordval i t.d. stillingsannonser kan det skje at innhaldet ikkje tiltalar kvinner/menn å søke. Kommunen skal gjere ei jobbanalyse før stillingsteksten blir utforma. Slik analyse skal gjennomførast utan tanke på den personen som går ut av stillinga. Det er viktig å vere tydeleg på ønska kompetanse og at denne er uavhengig av kjønn, religion eller om søkeren har nedsett funksjonsevne. Kommunen skal stille krav til norskkunnskapar i ein del stillingar. Søklarar med annan etnisk bakgrunn kan såleis oppfatte seg som diskriminert når vedkomande ikkje får jobb eller lærlingplass med bakgrunn i manglande norskkunnskapar.

Lønn og arbeidsvilkår

Lønspolitikken skal vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å nå verksemda sine mål, rekruttere og halde på godt kvalifisert arbeidskraft, stimulere til auka og nytta kompetanse og sikre likeverdige lønsforhold, uavhengig av kommunalområde, alder og kjønn. Å behalde rett kompetanse kan gi saklege grunnar til lønnsforskjell. Her må ein ta ein vurdering på om forskjellsbehandlinga er nødvendig. For yrkesgrupper der vi ser at det er vanskeleg å rekruttere eller behalde naudsynt kompetanse, kan det vere aktuelt å yte eit rekrutteringstilskot eller endre lønsplassering i samsvar med HTA.

Forfremjing og utvikling

Strategisk plan for kompetanse og rekruttering byggjer på at rett og nyttiggjort kompetanse gir riktige tenester. Risikofaktorar kan vere at tilsette føler seg lite verdsett, eller diskriminerte fordi dei opplever at ein stor del av kompetansen deira ikkje vert nytta. At andre går føre. Ein kan også kjenne seg urettferdig behandla i høve kompetanseheving, der ein meiner andre “alltid får først”. Ein risikofaktor som gjeld gravide er at med auka tendens til lange sjukemeldingar som vert avløyst av ein lang morspermisjon, kan kvinnene vere borte frå arbeidet i 1 – 2 år i samband med fødsel. Det også ein auka trend at kvinnene tek ut uløna permisjon etter at rettane til fødselspermisjon er tekne ut. Slike, til dels sjølvvalde lange fråvær frå arbeidet kan få som konsekvens at kvinnene går glipp av utviklinga på arbeidsplassen, og treng tid for å hente inn att kompetansen som trengst for å oppnå forfremjing.

Det same gjeld tilsette som er minoritetsspråklege. På grunn av norskkunnskapar vil desse ofte mangle grunnlag for fagleg utvikling.

Tilrettelegging

Ein arbeidstakar med nedsett funksjonsevne har rett på egna individuell tilrettelegging ved behov både på arbeidsplassen og i ein tilsetjingsprosess (LDO.no).

Tilrettelegging er alle dei tiltaka som arbeidsgjevar set i verk som gjeld organisering og utføring av arbeidet, utforming av arbeidsplassen og arbeidsmiljøet generelt. Arbeidsgjevaren skal organisere arbeidet og legge det til rette slik at arbeidstakarane kan stå i størst mogleg jobb og være like friske når dei går heim frå arbeidet som då dei kom. Tilrettelegging gjeld for alle arbeidstakarar, ikkje berre for personar med redusert arbeidsevne.

Å legge arbeidet til rette for arbeidstakarane er ein del av arbeidsgjevar si plikt til å iverksette tiltak som sikrar et fullt forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidstakar har plikt til å medverke i tilretteleggingsarbeidet, slik at arbeidsgjevar og arbeidstakar kan finne gode løysingar i samarbeid. Arbeidsgjevar må vere merksam på at stor grad av tilrettelegging over tid for fleire arbeidstakarar kan gå ut over andre arbeidstakarar - og kan føre til auka fråvær.

Arbeid/familie

Arbeidsmiljølova gir rett til redusert arbeidstid dersom ein har en helsemessig, sosial eller velferdsmessig grunngjeving. Foreldre med barn under 10 år kan søkje om redusert arbeidstid på grunnlag av denne lovregelen. Kommunen skal legge til rette for at småbarnsforeldre i størst mogleg grad kan kombinere arbeid og familie. Kommunen arbeider for å skape ein heiltidskultur der heiltidsstillingar er det vanlege. Deltidsstillingar og ynske om reduserte stillingar er mest utbreidd hos kvinner. Dette er ei utfordring og skaper eit motsetningsforhold til målet om ein heiltidskultur.

2.2 Organisering av likestillingsarbeidet

Strukturering av arbeidet

Ørsta kommune har etablert kvalitetsråd, som har møte to gonger i halvåret. Her møter kommunedirektøren si leiargruppe og hovudverneombodet. Kvalitetsrådet har som oppgåve å sjå til at brukarane og innbyggjarane i Ørsta kommune får ei trygg og fagleg forsvarleg teneste gjennom kvalitetsstyring og risikobasert internkontroll. Kvalitetsrådet skal sikre at faglege rutinar er godkjende i tråd med lovverket, at rutinar vert følgde opp og at dei legg grunnlag for kompetanseheving og ein forbettringskultur i heile organisasjonen. Kvalitetsrådet skal ha innsikt i arbeidet med likestilling på eit overordna nivå.

Når det gjeld likestilling for personar med funksjonshemming, er Rådet for likestilling av funksjonshemma eit sentralt organ. Dei har fem møte i året, og arbeider aktivt, både i høve til Ørsta som samfunn og til kommunen som organisasjon. Vi stiller oss undrande til at dette rådet ikkje skal omfatte alle gruppene som lova skisserer. Det ville gje oss ein verdfull arena for å sikre likestilling og hindre diskriminering.

2.3 Tiltak innanfor dei ulike personalpolitiske områda for å fremje likestilling og hindre diskriminering

Mangfald og inkludering

Ørsta kommune sin arbeidsgivarstrategi har som mål at Ørsta kommune skal arbeide aktivt for eit godt arbeidsmiljø med vekt på likeverd, likestilling, mangfald og inkludering. Arbeidsgjevarstrategien seier også at utanforskap er ei utfordring for kommunen både som tenesteytar og som arbeidsgjevar.

Rekruttering

I Strategisk plan for kompetanse og rekruttering, 2015–2019, har kommunen peika på viktige strategiar for rekruttering og likestilling. Mellom desse er:

- Vere tydelege på krav til kompetanse ved utlysing av stillingar
- Auke talet på lærlingar, sørgje for god kvalitet på lærlingtilbodet, leggje til rette for at ufaglærte får ta fagbrev
- Sikre ei lønsutvikling i konkurranse med kommunane rundt oss
- Leggje til rette for auka stillingsprosentar og heile stillingar

Kommunen rekrutterer medarbeidarar med innvandrarbakgrunn, særleg kvinner, som ynskjer å arbeide i omsorgsyрке og innanfor reinhald. Kommunen har teke del i prosjekt for minoritetsspråklege som ynskjer å ta fagbrev, som sikrar desse læreplass når dei er kvalifiserte til det. Ved ledige stillingar for

fagarbeidarar vert desse sikra lik behandling som andre søkjarar. Ved utlysingar av stillingar innanfor kvinnedominerte yrke, vert menn oppmoda om å søkje. Kravet til universell utforming i nybygg vert ivareteke av dei ansvarlege instansane. Gravide eller søkjarar i fødselspermisjon vert prioriterte på lik linje med andre søkjarar til stillingar.

Løns- og arbeidsvilkår

Lønspolitikk for Ørsta kommune vart sist vedteken i administrasjonsutvalet i desember 2020, og gjort gjeldande frå 1.1.2021. Planen vart rullert for 2022. Kommunen sin lønspolitikk og kriterium for lønsutvikling skal vere kjent i heile organisasjonen. Lønspolitikken vert utarbeidd i samarbeid mellom tillitsvalde og arbeidsgjevar. Den generelle delen er tufta på kommuneverdiane og arbeidsgjevarstrategien vår. Vedlegga skildrar ein praksis som forhandlingspartane er samde om og ulike kriterium for lønsdanning. Lønspolitikken skal vere eit hjelpemiddel i arbeidet med å nå verksemda sine mål, rekruttere og halde på godt kvalifisert arbeidskraft, stimulere til auka og nytta kompetanse og sikre likeverdige lønsforhold, uavhengig av seksjon, alder og kjønn. I tillegg til Lokal lønspolitikk for Ørsta kommune avgjer sentrale føringar i kvart tariffoppgjer lønsutviklinga for våre tilsette.

Permisjonsreglementet byggjer på arbeidsgjevarstrategien, og skal sikre permisjonsvilkår i tråd med lov og avtaleverk som dekkjer dei tilsette sine behov så langt som råd. Permisjonsreglementet sikrar mellom anna omsorgspermisjonar og velferdspermisjonar som skal gjere det mogleg å stå i størst mogleg stilling i ulike livsfasar og kombinere arbeid og familie.

Høve til utvikling og karriere

Strategisk plan for kompetanse og rekruttering byggjer på at rett og nyttiggjort kompetanse gir riktige tenester. Kompetansemobilisering er å ta i bruk alle dei menneskelege ressursane og den kompetansen som finst i organisasjonen, også kompetanse som ikkje kan dokumenterast med vitnemål. Medarbeidarane sitt kompetansepotensial må mobiliserast gjennom relevante oppgåver og utfordringar. Leiarar på alle nivå er ansvarlege for å kartlegge kompetanse- og utviklingsbehovet innanfor sitt tenesteområde og setje i verk tiltak, i samsvar med prinsippa i denne planen. Kompetanseutvikling skal vere ein naturleg del av årshjulet på arbeidsplassen.

Den årlege medarbeidarsamtalen skal danne viktig grunnlag for mobilisering og utvikling, og skal byggje på resultata og prosessane etter medarbeidarundersøkinga *10-FAKTOR* (KS). Denne er eit verdfullt verkty i arbeid med kompetansemobilisering og utvikling.

Vern mot trakassering og diskriminering

Alle former for mobbing og trakassering på arbeidsplassane våre er ikkje akseptert. Kommunen har rutinar for varsling av ulovlege eller kritikkverdige tilhøve, og har systematisk oppfølging av desse. Det skal vere trygt å seie frå om ulovlege eller kritikkverdige forhold i Ørsta kommune. Kommunen har teke i bruk Compilo som system for kvalitetshandbok, avvikshandtering, risikoanalyse, årshjul og HMT-handbok.

Heiltidskultur

Deltidskulturen medverkar til ein kjønnsdelt arbeidsliv. Slik arbeidet har vorte organisert, særleg innafor tenester med heildøgnsdrift, har det vorte lagt opp til at ein stor del av arbeidstakarane må gå i små stillingar for å dekkje opp behovet for personale på helg. Denne tunge deltidskulturen finst i hovudsak der kvinner er i fleirtal blant dei tilsette. Kommunen har sett inn store ressursar på den store prosessen med heiltidskultur, som skal gje store positive ringverkander, særleg for kvinner i høve til stillingsstorleik og løn. Dette er å sjå på som den mest omfattande og avgjerande prosessen for å fremje likestilling og hindre forskjellsbehandling i kommunen. Kommunen er også medviten på å unngå å sosialisere nye tilsette, td. fagarbeidarar inn i ein deltidskultur. Dette hindrar vi med å tilsetje nyutdanna fagpersonar som er kvalifiserte i heile, faste stillingar.

Utanforskap

KS set lyset på korleis kommunesektoren kan medverke til inkludering og til å motverke og førebygge utanforskap. Utanforskap handlar om einskildpersonar og/eller grupper som fell utanfor ulike arenaer eller fellesskap utan å ynskje det. Konsekvensane for utanforskap kan vere store, både for den einskilde og for samfunnet. Ørsta kommune vil sjå på kommunen si rolle i å auke *innanforskapet*, korleis vi som arbeidsgjevar kan medverke til å skape integrasjon og oppleving av å høyre til. Ørsta kommune er ein stor og mangfaldig arbeidsgjevar. Vi skal lage fleksible løysingar som dekkjer ulike behov. Ei tydeleg plattform med verdiar og rammer skaper tryggleik og trivsel.


2.4 Tiltak som er planlagt for å fremje likestilling og hindre diskriminering

- Kommunen har teke i bruk Visma HRM frå januar 2022, og vil no ha eit grunnlag for å dokumentere og ha oversikt over faktorar for likestilling mellom kvinner og menn, og kunne samanlikne frå år til år
- Kommunane står føre store utfordringar innanfor helse og omsorg i åra som kjem. Ny organisering legg grunnlag for: Saman om ei berekraftig framtid i helse og omsorg. Målet er å sikre god tenestekvalitet og helsefremjande arbeidsvilkår gjennom å byggje gode lag. Det handlar om å skape gode brukaropplevingar gjennom rett kompetanse til rett tid – og som byggjer på ein heiltidskultur der kvalitet er avhengig av kontinuitet, kompetanse og kapasitet. Kommunen arbeider med ein strategi for heiltidskultur, og legg til grunn at strategien skal leggje føringar for likestilling mellom ulike yrkesgrupper og utdanningsgrupper når det gjeld organisering og belastningar i arbeidet, som t.d. helgefaktoren.
- Halde fram med å styrke medverknad gjennom partssamarbeidet i den sentrale trepartsgruppa Kveik og Gneist-gruppene på einingane. Arbeide målretta for at Gneist-gruppene skal vere motorar for utvikling på arbeidsplassane gjennom innspel og samlingar for Gneist-gruppene, og gjennom arbeidet med heiltidskultur
- Etterspørje Råd for likestilling av funksjonshemma si rolle i høve til likestillingsspørsmål for dei andre målgruppene som lova skisserer. Det ville gje oss ein verdfull arena for å sikre likestilling og hindre diskriminering i organisasjonen.

Klimarekneskap

Tal henta frå Miljødirektoratet syner tilnærma uendra utslepp av klimagassar i Ørsta kommune frå 2020 til 2021.

Sidan 2009 har utsleppa gått ned med knapt 800 tonn CO₂, noko som svarar til 2 %.



Lenke til meir detaljert informasjon: [Utslipp av klimagasser i Norges kommuner og fylker - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://miljodirektoratet.no/utslepp-av-klimagasser-i-norges-kommuner-og-fylker).

Kommunen sine tenesteområde

Politikk

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	2 956	2 794	2 813	19	0,7 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	1 474	1 048	1 663	615	37,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	448	889	771	-118	-15,2 %
Overføringsutgifter	692	309	342	33	9,7 %
Sum Driftsutgifter	5 570	5 040	5 589	549	9,8 %
Salgsinntekter	-8	-8	-7	1	-15,7 %
Refusjoner	-320	-186	-253	-67	26,5 %
Overføringsinntekter	0	-4	0	4	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-101	-145	-100	45	-45,3 %
Sum Driftsinntekter	-428	-344	-360	-16	4,5 %
Netto resultat	5 142	4 696	5 229	533	10,2 %


Status økonomi

Beløp i 1000



Sektor	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	5 142	4 696	5 229	533	10,2 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Kommunedirektør og stab

Beskriving av tenestoområde

Stab - assisterande kommunedirektør

Mål og måloppnåing 2022

Stabane arbeider ut i frå verdiane for Ørsta kommune, som er forankra i arbeidsgivarstrategien. Verdiane er tillit, energi, løysingsvilje og utvikling. Vi utfører stabsfunksjonar for kommunedirektøren og støttefunksjonar for kommunalsjefar og tenesteleiarar. I tillegg legg vi til rette for å utvikle servicenivået både internt og eksternt, og med det gi innbyggjarane og politikarane ei positiv oppleving i møtet med kommuneadministrasjonen. Vi jobbar også mykje med samfunnsutvikling og næringsutvikling i heile kommunen. Dei siste åra har det vore sterkt fokus på sentrumsutviklinga og oppfølging av reguleringsplanen. Staben har også ansvar for dei store bygge-prosjekta i kommunen. Vi har for tida ein rekordstor mengde av slike omfattande prosjekt, som vil sette sitt preg på kommunen i mange år framover.

Behov/målgrupper, utvikling og endring i målgruppene

Kommunedirektøren har tre ulike stabar i tillegg til assisterande kommunedirektør. Vi har saker og funksjonar som er særskilde for kvar vår stab, men også fellesoppgåver som grip inn i kvarandre. Stabane ynskjer å sjå seg sjølv som "tannhjula" i organisasjonen vår, og det er viktig at vi er "velsmurde" og har eit godt samarbeid – både oss i mellom og med resten av organisasjonen. Årsmeldinga speglar dei ulike oppgåvene stabane samla sett har. Ein del av staben har også viktige utoverretta oppgåver.

Politisk sekretariat

Sekretariatet besto av 2 heile stillingar i byrjinga av året, i løpet av året har sekretariatet vorte redusert med 40%. 60 % av den eine stillinga har fått tilført oppgåver knytt til oppfølging av mellom anna kontraktar. Sekretariatet har hatt sekretærfunksjon for desse utvala og råda i kommunen:

Kommunestyret, formannskapet, levekårsutvalet, samfunnsutvalet, eldrerådet, råd for likestilling av funksjonshemma, landbruksutvalet og vilt- og innlandsfiskeutvalet.

Utvikling, tal politiske saker til formannskap og kommunestyre:

Utvikling tal politiske saker	2018	2019	2020	2021	2022
Saker til formannskapet	149	151	253	150	149
Saker til kommunestyret	118	127	146	172	109
Totalt	267	278	399	322	258

Formannskapet oppretta 26 politiske saker i møte og kommunestyret oppretta 8 saker i møte. I 2022 vart det nokre feil i nummereringa som følgje av feil med programvaren. Dette har vorte retta av leverandør. Andre problem, slik som at saksnummer til oppretta sak i møte eller sak i lagt fram i møtet, kjem opp att i neste innkalling har ikkje vorte retta enno.

Som følge av det er dei reelle tala for politiske saker i 2022 slik:

Formannskapet 149 + 13 = 162 saker

Kommunestyret 109 + 2 (3 minus 1) = 107 saker

Formannskapet hadde 14 møte i 2022, inkl. ekstramøte 15. juni.

Kommunestyret har hatt 9 møte i 2022, inkl. ekstramøte 27. desember.

Felles kommunestyremøte Ørsta/Volda - Strategisk samarbeid Volda og Ørsta kommunar: 5 mai - Ørsta kulturhus, festsalen og 10. november - Grodås, Honndalshallen.

Næring, utvikling, fellesoppgåver

Nærings- og utviklingssaker, store byggeprosjekt, juridiske spørsmål, grunnnerv, og gjennomføring av val og andre fellesoppgåver ligg også til kommunedirektøren sin stab. Også i 2022 har vi brukt mykje ressursar på arbeidet med oppfølging av sentrumsplanen og næringssatsing knytt til sentrumsutviklinga og i kommunen elles. Det har vore arbeid med fleire strategisk viktige saker for kommunen og Ørsta samfunnet. Mellom anna utvidingsplanar for ALTI, kommunale bustadområde, Melsgjerdet, samferdsle saker og andre nærings- og bustadprosjekt. Ny vidaregåande skule og kulturhus, kommunale skulebygg og fleire andre store byggeprosjekt har kravd mykje av kapasiteten. Det er lagt stor vekt på bygge sterke relasjonar og få til samarbeidsløysingar med fylkeskommunen, valde entreprenørar og private aktørar. Dette er noko vi i stor grad opplever å ha lykkast med. I løpet av året har vi kome langt med å legge til rette for konkrete prosjekt, som vil ha stor betydning for samfunnsutviklinga. Utviklingsarbeidet må få høg prioritet også dei komande åra. Ørsta kommune sitt samarbeid med Gode Vegar i samferdslespørsmål har vore nyttig. Særleg har dette vist seg i arbeidet med strategisk viktige saker som ny løysing for flyplasskrysset og saker som gjeld statlege og regionale investeringar på vegnettet i Ørsta. Vidare har trafikktrygging og arbeid opp mot fylkeskommunen sitt investeringsprogram hatt prioritet.

Ei av hovudoppgåvene til den eine juriststillinga er systemarbeid og bistand knytt til offentlege og kontraktar. Denne stillinga har også hatt ansvar for rådgjeving til seksjonane innan helseområdet og skule- og barnehageområdet. Stillinga er også del av arbeidsgruppa hos ass. kommunedirektør, som har ansvar for dei større byggeprosjekta. I 2022 starta vi eit arbeid med ei rutinehandbok for gjennomføring av prosjekt i Ørsta kommune. Dette skal vere ferdigstilt i løpet av våren 2023.

Det har vore ein viss etterspørsel etter tomter i 2022. I løpet av året er det seld to tomter på Mosbakkane, tre i Osmarka 2 ved Ørsta sentrum og siste tomte i bustadfeltet Sætrebakkane vest for Ørsta sentrum.

Ved årsskiftet var talet på ledige bustadtomter i kommunale bustadfelt slik: Barstadvik 3 (2006) , Nordre Vartdal 11 (1992) , Vartdal 6 (2019), Sætrebakkane vest for Ørsta sentrum 0 (2022), Mosbakkane 5 (2022), Osmarka II 6 (2022) , Rystefeltet 2 (1989), Sæbø 1 (2021). Tala i parentes er siste året det vart selt bustadtomt i feltet. Totalt er det 34 ledige kommunale bustadtomter ved årsskiftet.

Det er ikkje selt næringstomter i 2022, men arbeidet med sal av tilleggsareal til næringstomt på Melsgjerdet er godt i gang. Kommunestyret har fastsett tomtepris, og sal vil starte tidleg i 2023

Arbeidet med gjennomføring av sentrumsplanen er i gang. Det har vore arbeidd ein del med utbyggingsavtale med ALTI. Det er vidare på plass makebyteavtale med Statens Vegevesen for areal langs E 39 i sentrum, og det er arbeidd med å skaffe grunn til ny veg frå E 39 og vestover som vil tene ALTI, Oppsal autohus og Ose ingeniørkontor, det kommunale reinseanlegget, Tussaparken og småbåthamna.

Det har vore arbeidd med oppgjør og gjennomføring av skjøn på vegen Holane frå Melsvegen og sør vestover mot Rystefeltet. Arbeid med utbyggingsavtale og grunnavtale for bygging av ny veg frå Melsvegen til Osgeila har ført til at vegtilkomsten for bebuarar i området har vorte vesentleg betre. Saman med Møre og Romsdal fylkeskommune har det vore arbeidd med grunnspørsmål for ny gang- og sykkelveg langs Dalevegen frå Mosflatevegen og fram til brua over Ørsta elva. Dette vil mellom anna gje betre trafikktryggleik for skuleelevar/bebuarar i området.

IKT - Strategi, digitalisering og utvikling

Det er 2 stillingar innan Digitalisering/IKT. Ein dedikert ressurs innan til Ørsta skulen og driftsansvarleg for den løysinga vi nyttar der. Ein arbeider med digitaliseringsprosjekt/velferdsteknologi/IKT og digitaliseringsstrategi i kommunen på tvers av alle fagområder, er bestillarfunksjon inn mot SSIKT, utfører IKT innkjøp, breibandutbygging og er for tida leiar i Digitaliseringsrådet for Søre Sunnmøre og det lokale digitaliseringsrådet, og er med i styringsgruppa til det regionale digitaliseringsnettverket DigiMR.

Serverdrifta for lokalt drifta applikasjonar går i felles driftsenter SSIKT, og eigen brukarstøtte er tilgjengeleg der. Fleire av fagapplikasjonane våre er no reine skyløysingar, og trenden er at fleire går ut i sky.

Utskiftning av brukarterminalar i vår infrastruktur

Mobilitet er viktig, så ein del berbare maskiner har også dette året erstatta eldre stasjonære PCar. Dockingstasjon vert brukt og mange tek med berbar PC heim for å nytte denne frå heimekontor. Innan kommunalområde HOV har ein i løpet av året bytta ut 20 tynnklientar med stasjonære PCar for å kunne sette i drift Gericar kjernejournal med autentisering på sikkerheitsnivå 4.

Chromebooks i Ørtaskulen

Ein del av dei chromebooks som har vore nytta i mange år går ut på dato i høve naudsynte oppdateringar frå Google. 317 chromebooks til elevar og 168 til lærarar vart difor skifta ut til skulestart 2022.

IKT-løysing i nye skulebygg

Nye Sæbø skule vert sett i drift med moderne nettverksinfrastruktur med wifi-dekning i heile bygget. Interaktive 86 tommer skjermer på alle klasserom.

Nybygg Ørsta ungdomsskule

Nybygg vert kopla saman med eksisterande nettverk på ØUS vha fiber. Wifi utbygd i heile nybygget og interaktive skjermer på alle klasserom.

Implementering av M365 i Ørsta kommune

Starta i 2022, fullførast i 2023.

Fagapplikasjon FLYVO

Flyktning og vaksenopplæringa treng eit nytt fagsystem. Innføring av løysinga vert utført vinteren/våren 2023

Etablere historisk base for fagapplikasjon NAV Ørsta-Volda

Det vart tatt datauttrekk frå fagsystem socio(nytta av NAV og flyktningkontor) som vart avvikla til 01.01.22 og erstatta av Visma velferd. Datauttrekk vert lagt i historisk database hjå documaster, som vi nyttar som løysing også for andre historiske databasar.

Bytte fagapplikasjon Økonomi-Lønn-HR

Deltaking rundt arbeid med systemskifte, etablere integrasjonar mellom Visma enterprise plus og andre eksisterande fagsystem. Sett i drift 01.01.22.

Kompetanseløft(Digital transformasjon)

I alle kommunar i Møre og Romsdal er det køyrt eit prosjekt «kompetanseløft» i regi av Digi MR, der leiargruppa og stabsleiarane deltek. Bjørn er Ørsta sin prosessleiar på dette prosjektet.

Fiber til kommunale bustadar

Breiband bør vere ein infrastruktur som kommunale bustadar har som standard. I 2022 fekk vi installert fiber i enno fleire kommunale bustadar. Leigetakar betalar sjølv abonnementskostnad gjennom auka husleige.

Velferdsteknologi Ørstaheimen

Ørsta kommune starta implementering av sensio sjukesignal på Ørstaheimen. Det er same løysing som vi allereie nyttar på Bakk-Ola og Hjørundfjordheimen. Også her har vi søkt om støtte frå husbanken og får dekt 55 % av totalkostnad. I denne løysinga vil ein til skilnad frå dei to andre bruke knx-utstyr. Ny nettverkskabling av Ørstaheimen for å kunne realisere sensio sjukesignal prosjektet og kunne gje Wifi dekning for heile bygningsmassen starta på slutten av 2022. Sensio sjukesignalløysing er planlagt i drift 2. kvartal 2023. Bjørn er prosjektleiar.

Velferdsteknologi Sensio bustad

Sensio bustad er Sensio si løysing for tryggleiksalarm i eigen bustad. Vi held fram med å utvide denne løysinga med fleire tryggleiksalarmer etter kvart som det er behov for det. Vi testar ut teknologien «roommate» (digitalt tilsyn) i heim. Denne teknologien sikrar at bebuar kan bu trygt heime.

Velferdsteknologi Dignio Karie medisindispenser

Medisindispenser er ny teknologi teken i bruk hjå oss. Vi startar opp med bruk av dette hjå utvalde brukarar i heimetjenester avdeling aust og vest. Startar med nokre få brukarar i ein periode før ein aukar opp mot 10 einingar per avdeling.

Breibandsutbygging

Ørsta kommune søkte i 2020 om breibandsmidlar for områda Flåvika-Flåskjer, Masdal-Rot, Digernes, Festøya-Ytre Standal-Trandal og fekk støtte til alle desse. Tussa er valt som leverandør på desse områda, utbygging av områda er starta opp i 2022 og vert ferdigstillt i løpet av 2023.

Avvikle analog telefoni

Analoge telefoniløysingar vart avvikla i 2022. Vi går over til mobiltelefonibruk, og på mange lokasjonar nyttar vi talestyrte menyar for styre innringar til rette vedkomande. På Vartdal helsetun må vi etablere ei lokal løysing for forsterking av mobilsignal inne på bygget.

Byggprosjektleiing større bygg

Ørsta Ungdomsskule:

Vart overteken i samsvar med kontrakt 7. november. Skulen er teken i bruk. Mindre reklamasjonsarbeid står att.

Ørsta kompetanse- og kultursenter:

Det er etablert kontrakt på utarbeiding av forprosjekt/teikninga/anbudsgrunnlag. Denne gruppa er samansett av fleire firma, med Plot arkitektur AS i førarsetet. Dei har vidare med prosjekteringsgruppeleiar frå A.R.T. arkitektur AS, arkitekt frå PIR II AS og rådgivarar frå Multiconsult AS. Dette skal ferdigstillast i 2023. På grunn av andre pågåande prosjekt så er oppstart bygging flytta ut i tid frå MR fylke med om lag eit år. Oppstart bygging vil etter justert plan finne stad etter vinter/vår 2024.

Ørstaheimen:

I samsvar med politisk vedtak er ombygging av felleskjøken avslutta. Dette prosjektet går vidare med ombygging av 3. høgda, frå kontor til pasientrom. Dette vart sendt ut på anbod i 2022, med planlagt oppstart byggearbeid sein vinteren 2023.

Ny symjehall Ørsta:

Slyngstad og Framlidi Arkitektur v/arkitekt Ivar Aamlid har kome med eit moglegheitsstudie på bakgrunn av tidlegare idear/tankar og opsjonsliste, samt innspel frå ein privat aktør, som driv treningssenter og har interesse i samarbeid med Ørsta kommune om å utvikle eit sambruksprosjekt. Kommunestyret vert orientert om status på nyåret i 2023.

Sæbø skule og barnehage:

Ny skule og barnehage vart overlevert til brukarar 7. oktober. Skule og barnehagen tok det nye bygget i bruk den 17. oktober. Alle tilsette nyttar brakker til administrasjonslokale inntil det nye administrasjonsbygget står ferdig i april 2023. Renoveringa av det gamle barneskulebygget frå 1985 er godt i gang. Vindauge og dører frå byggeår vert skifta ut med nye, som har mykje større isolasjonsevne. Innvendig vert alt nytt, eller mala på ny. Økonomien er innanfor vedtekne rammer.

Nye Velle skule:

Peab K. Nordang vann konkurransen som vart utlyst på vårparten. Samspelskontrakt vart signert før sommarferien. Hausten 2022 har vi gjennomført ein samspelsfase saman med entreprenør, arkitekt og brukarar, der skisseprosjektet som arkitektfirma White frå Oslo teikna låg til grunn. Skissene har vorte optimalisert og vi har fått kvalitetsauke og meir brukarvenlege løysingar. I samhandlingsmøte har brukarane fått moglegheit til å kome med nye innspel som fortløpande har vorte handsama i samspelet. Det meste av brukarane sine ønskje som er innanfor kostnadsrammer er innfridd. 31. november skreiv Ørsta kommune totalentreprisekontrakt med entreprenør, der samspelsgrunnlaget er kontraktsdokument. Byggestart er planlagt i februar 2023, og skulen skal stå ferdig og klar til bruk august 2024. Økonomiske rammer er innanfor budsjettvedtak.

Utleigebygg på Melsgjerdet:

Utgreiingsarbeid og saksførebuing er avslutta grunna konkurs i verksemda som tok initiativ overfor kommunen om eit slikt bygg.


Service og informasjon

Covid-19 restriksjonane vart lettare utover 2022, ettersom restriksjonane avtok. Informasjon ut om situasjonen, testing og vaksinasjon hadde høg prioritet også første del av 2022. Den kommunale koronatelefonen og teststasjonen vart lagt ned i slutten av september 2022 og heimetestar vart utdelt på servicekontoret.


Statistikk for heimeside, Facebook og Instagram 2022

Innlegg heimeside


Gjeld berre tal nyhendeartiklar. Ikkje oppdaterte artiklar, banner, aktuelt, kunngjeringar, tenestebeskrivingar, div. oppdateringar eller liknande.



Populære sider/innlegg:




Rekkevidde heimeside - Sidevisningar:



Innlegg Facebook

Facebook tala er meir representative for fullstendig aktivitet pga. det viser meir av det vi deler frå heimesida + andre innlegg.



Rekkevidde Facebook og Instagram

2021:

Reach


Facebook Page reach ⓘ

37,767 ↑ 8.3%



Instagram reach ⓘ

3,418 ↑ 93.7%




2022:

Reach


Facebook Page reach ⓘ

91,578 ↑ 143.2%



Instagram reach ⓘ

5,284 ↑ 55.1%



Følgjarar på Facebook

Dato	Følgjarar	Auke
1. jan 2017	2494	
1. jan 2018	2685	191 frå 1.jan 2017
1. jan 2019	2836	151 frå 1.jan 2018
1. jan 2020	2986	150 frå 1.jan 2019
1. jan 2021	3424	438 frå 1.jan 2020
1. jan 2022	4063	639 frå 1.jan 2021
1. jan 2023	4323	260 frå 1. jan 2022

Servicekontoret har desse ansvarsområda (ikkje uttømande)

- Publikumsmottak
- Overordna ansvar for arkivtenesta i Ørsta kommune inkludert systemoppfølging/oppgradering/opplæring, inngåande og utgåande post, postmottak og journalføring
- Sakshandsaming og forvaltning av bustønad for Statens Husbank
- Sakshandsaming av TT-kort, parkeringskort og følgjekort for forflyttingshemma
- Sakshandsaming av einskildhøve og ambulerande skjenkeløyve
- Oppfølging og beredskap på sentralbordet som er i Vanylven
- Informasjon til innbyggjarane/publikum/media og drift av heimesida til Ørsta kommune, og informasjon via sosiale media
- Førehandsrøysting ved stortings- og sametingsval og kommune- og fylkestingsval
- Innbetaling/sal ved kopiering av dokumentasjon/rett kopi til publikum. Sal av Ørsta album, Ørstingar, Hjørundfjordbøkene, Vartdalsoga, Næringssoga, konfirmantboka, handtak og krykkjer. Betaling via Vipps eller faktura.

Acos Websak

Også 2022 har blitt brukt til vidare digitalisering og automatisering av arbeidsprosessar. Skule har teke i bruk IST samtykkemodul, som er integrert mot WebSak. Det gjer at samtykka frå føresette vert arkivert på elevmappa til barnet. Det er per i dag om lag 170 sakshandsamarar i WebSak, som skal fyljast opp med opplæring, rettleiing, tekstmalar osv. Arkivgruppa i 7-stjerna starta hausten 2022 med korte kurs via Teams, med ulike tema knytt til effektiv bruk av sakshandsamingssystemet vårt. Dette har fungert bra og vi kjem til å halde fram i 2023.

Arkiv og journalføring 2022

Dei daglege rutineane våre er registrering av post, arkivering, svare på spørsmål frå sakshandsamar og publikum (vedk. Acos websak, rutinar og innsyn i arkiv) samt oppfølging av restansar. I 2022 vart det oppretta 6 588 nye saker og 28 089 journalpostar.

Andre fagsystem

1.1.22 tok Nav Sosial i bruk Visma Velferd med integrert arkivkjerne i Visma arkiv. Det vert gjort data uttrekk av det gamle systemet, til Documaster arkivkjerne for å sikre arkivverdig dokumentasjon eller integrasjon til WebSak.

Documaster

Vi arbeider framleis opp mot IKA Møre og Romsdal for endeleg godkjenning av uttrekket frå dei gamle sakshandsamingssystema, ePhorte og K-2000 basane. Dette vert truleg klart for godkjenning rett over nyttår 2023.

Arkivplan/dokumentasjonsstrategi

Dokumentasjonsstrategien ligg tilgjengeleg på heimesida vår som ein underportal. Det meste er på plass. Det som står att er oversikt over gamalt arkiv og oversikt over elektroniske system. Ein slik plan treng kontinuerleg oppdatering og oppfølging.

Gammalt arkiv

I 2022 avslutta vi arbeidet med dei små arkiva som vi byrja å jobbe med i 2021. I mars 2022 hadde vi besøk frå IKA Møre og Romsdal som hjelpa til med ei kartlegging av kva vi har av gammalt arkiv innan landbruk og skogbruk. Vi starta arbeidet med dette arkivet rett etter. Grunna stor arbeidsmengd ved IKA Møre og Romsdal, har vi diverre ikkje kome så langt i arbeidet som vi hadde sett føre oss og vi har ikkje klart å slutføre dette. Dette er eit svært stort arkiv, og det står att mykje arbeid.

Avlevering: Det er ikkje avlevert arkiv til IKA i 2022.

I 2022 vart fylgjande søknadar handsama av servicekontoret:

-Bustønad: 114 personar mottok bustønad per 31.12.2022, ein liten nedgang frå 2021

-TT-kort:

- Brukartaket i 2022 var 235, same som 2021.
- 219 brukarar per 31.12.2021.
- 38 søknadar, der 32 vart godkjende og 6 fekk avslag.
- 14 brukarar vart sletta i løpet av året.

-Parkeringsløyve: I 2022 hadde vi 13 nye søknadar i tillegg til fornyingar.

-Følgjekort: I 2022 hadde vi 31 nye søknadar i tillegg til fornyingar.

-Skjenkeløyve for einskildhøve (ope arrangement) og ambulerande løyve (lukka lag) Sakshandsaminga tok seg opp etter ned- stenginga for Covid-19 og er nesten attende på normalt nivå. 21 søknadar vart handsama for 2022.

Anna aktivitet service og informasjon

Representere Ørsta kommune på representantskapsmøte for IKA Møre og Romsdal.

Samarbeid i Sjustjerna når det gjeld kommunikasjon, web/portalgruppe, interakt (elektroniske skjema) og arkivgruppe. Alle Sjustjerna- gruppene har eigne teamskanalar, der ein kan rådføre seg med kvarandre. Det vert gjennomført elektroniske møte og gruppesamlingar ilag med Sjustjerna, også i lag med representantar frå leverandør, SSIKT,

I 2022 har dei arbeidd mykje med språkprofil, universell utforming og tilgjengelegheits- erklæring.

Deltaking i digitaliseringsråd, som også er prosjektgruppe for innføring av M365. Mykje arbeid er gjort men grunna OU prosessen er innføringa utsett til januar 2023. Møre og Romsdal fylkeskommune har faste elektroniske møter om TT-ordninga.

Økonomistab

Økonomistaben har funksjon som stab for rådmannen og støtte for det som i 2022 heitte seksjons- og einingsleiarar. Vi arbeider innanfor fagområda kommuneøkonomi, budsjett, rekneskap og innkrevjing. I 2022 tok vi også over behandlinga av startlån og tilskot til etablering eller tilpassing av bustad. Verksemda til kommunen femner om eit vidt spenn av tenester og det er eit omfattande tal av oppgåver og kompleksitet innan desse fagområda.

Fom. 2022 vert rekneskapen ført i Visma Enterprise Plus. Vi har med dette skiftet fått eit moderne skybasert system som vi på sikt håper skal frigjere ressursar til å arbeide meir med kontroll og analyse av rekneskapstal. Dette skal kunne betre kvaliteten på rekneskapen og gi ein høgare informasjonsverdi som grunnlag for nye tiltak og avgjersler.

Hausten 2022 tok vi i bruk ein ny modul i Framsikt for utarbeiding av budsjett. Tidlegare vart mykje av budsjettarbeidet gjort manuelt i Excel og Word, men no vert dette knytt opp mot Visma slik at det på sikt vert ein meir automatisert prosess. Når dette i neste omgang vert nytta til rapportering, er målet at dette skal gi ein betre og meir effektiv prosess utan at det skal gå ut over kvaliteten. Nye omgrep skapte nokre mistydingar i oppstartsåret, men dette vil gå seg til etter kvart som vi får erfaringar med programmet.

Også i 2022 førte grensejusteringssaka og ekstra rapporteringar som følgje av Koronapandemien til mykje ekstraarbeid for økonomistaben. Diverre førte dette til at det heller ikkje dette året vart ledig kapasitet til å utføre alle planlagde oppgåver, som t.d. rullering av økonomireglementet som no vart utsett for tredje år på rad. Elles har vi stort sett klart å fullføre dei viktigaste oppgåvene innan oppsette fristar.

Eitt av økonomistaben sine prioriterte område er å halde finanskostnadane lågast mogleg. Med aukande lånegjeld og rentenivå vert dette området stadig viktigare. Dette krev mykje kapasitet og spesialkunnskap og vi har difor i mange år allereie nytta gjeldsforvaltar for å gi råd om lånemarknaden og til å sende ut førespurnadar ved lånefinansiering.

Som omtala i årsmeldinga for 2021 ser vi at store omleggingar har kostnader i form av sjukefråvær. Etter at sjukefråværet dei siste åra har gått nedover, vart det diverre ein stor auke att i 2022. Krava til effektivitet og kvalitet vert stadig større og det gjer at vi ikkje kan unngå omleggingar. I 2022 har det m.a. vore oppstart av nytt økonomisystem og skifte av m.a. innkrevjingssystem og budsjetterings- og rapporteringsverktøy. I tillegg har omorganiseringa ført til meirarbeid for økonomistaben. Vi håpar at dette vil stabilisere seg etter kvart som vi kjem i mål med dei ulike omleggingane.

Startlån og tilskot til etablering eller tilpassing av bustad

Ordninga med startlån har siste åra hatt ei tydeleg dreining mot å hjelpe familiar med barn som er økonomisk vanskelegstilte på bustadmarknaden, eller som treng hjelp til å behalde bustad. Det er også ei dreining mot å hjelpe til med fullfinansiering av bustadkjøp og ikkje berre medverke med toppfinansiering. Refinansiering med pant i bustad har og vorte gjennomført. Unge i etableringsfasen er etter retningslinene frå Husbanken ikkje lenger i målgruppa.

Frå 2020 vart det obligatorisk å nytte Husbanken sin e-søknadsmodul for startlån. Enkelte søkjarar treng ein del hjelp for å verte digitale som søkjarar. Frå 2021 vart det i tillegg kravd at søknadsmodulen skulle nyttast ved søknad om tilskot.

Det har ikkje kome klagesaker på startlån i 2022.

Tildelte startlån:

År	Tal søknadar	Tal avslag, ikkje innvilga	Tal innvilga, ikkje utbetalt	Tal utbetalt	Utbetalt i mill. kr	Tal kjøp	Tal nytt	Tal refin.	Tal barne-familiar	Tal anna
2015				4	1,540					
2016				3	1,350			2	1	
2017				5	4,550	3		2		1
2018				6	6,080	2	1	3	3	1
2019	28	22		6	5,299	3		2	3	
2020	24	18		6	7,380	5	2	1	4	
2021	41	33	5	3	4,940	3	2		3	1
2022	37	25	5	7	9,337	4			4	3

Tabellen viser : Utbetalte startlån i kroner og tal søkjarar som har fått/ikkje fått lån. Tre av dei innvilga søknadane er gitt som finansieringsbevis (kr 4,8 mill.) og overført til 2023. På ein av søknadane har vedtaksdato gått ut og ein søknad er trekt. Kolonnane til høgre viser formål med tildelinga. Nokre tildelingar dekker fleire formål.

Krav til eigenkapital og/eller manglande sikker inntekt, er hovudårsak til avslag på søknader. Det er også store forventningar hos nokre søkjarar om at kommunen «pliktar» å gje lån når andre låneinstitusjonar/bankar gir avslag. Det er og ein trend at fleire søkjer startlån til å refinansiere anna gjeld fordi gjeldsbyrda trugar søkjar si evne til å behalde hus/leilegheit.

Tildelte tilskot til etablering eller utbetring som er utbetalt:

År	Tal etablering	Beløp etablering	Tal utbetring	Beløp utbetring
2014	1	400 000		
2015			2	47 000
2016	2	256 000	2	53 175
2017	4	1 100 000		
2018	1	220 000	4	365 000
2019	2	500 000	3	230 000
2020	4	680 000	3	52 450
2021			1	40 000
2022	3	800 000	2	35 000

Tabellen viser : Tildelte midlar i kroner og tal søkjarar som har fått tilskot.

2019 var siste året kommunane fekk midlar frå Husbanken til etablerings- eller utbetringstilskot. Frå 2020 vart desse tilskota ein del av rammeoverføringane til kommunane.

Tilskot vert i utgangspunktet gitt som rente- og avdragsfrie lån i 10 eller 20 år og vert ofte kombinert med ordinære lån.

Personal og organisasjonsstaben

Arbeidet i personal og organisasjon

Ansvar for å initiere og drifte prosessar knytt til organisasjons-/utviklingsarbeid er i tillegg til sakshandsaming og handsaming/utarbeiding av retningslinjer og rutinar ein stor del av det daglege arbeidet i staben. I starten av 2022 var satsing på heiltidskultur framleis eit hovudsatsingsområde, men den oppstarta OU- prosessen kravde etter kvart nesten alt av kapasitet og fokus utover året. Personalstaben hadde også ansvar for koordinering av kvalitetsarbeidet knytt til Compilo og kvalitetsrådet.

Heiltidsprosessen held fram i helse og omsorg utover våren 2022. Både avdelingar i sjukeheim, einingar i heimebasert og bu og habilitering arbeidde m.a med grunnlaget for tenesteretta bemanningsplanar. Som skulle medvirke til å innføre ein ny modell for budsjett- og strategisk bemanningsplanlegging. Dit kom vi ikkje i 2022. Kommunen har jobba med å synleggjere at helgetimar er ein sentral del av løysinga, samstundes som årsplanlegging i turnus er ein føresetnad for ei god utnytting av ressursane. Dette er krevjande prosessar, og utfordrande å sameinast om. I og med at OU-prosessen kravde sitt, stoppa dette arbeidet opp noko, men vil halde fram med fornya innsats i 2023.

Sjukefråvær og nærværarbeid


NAV viser til at det er muskel- og skjelettplager og/eller psykiske lidningar som utløyser flest sjukemeldingar. Arbeidstilsynet legg vekt på at det er samansette årsaker til muskel- og skjelettplager, der psykososiale og organisatoriske forhold har stor betydning. Forskinga viser at emosjonell belastning fører til 30-40% av sjukefråværet i omsorgsyke og andre yrke der ein jobbar med folk. Dette er forhold som me ikkje har vore gode på å førebyggje eller handtere, i motsetning til all den tilrettelegginga me har hatt i høve til det fysiske arbeidsmiljøet (t.d. heis/senk-bord...) Hausten 2022 har vi kome i gang att med samarbeidet med NAV arbeidslivsenter, med særleg fokus på barnehage og sjukeheim. Vi nyttar virkemiddela i gjeldande IA-plan (ekspertbistand) og samarbeider nært med bedriftshelsetenesta.

I tertialrapporten frå 2. tertial viste tala at fråværet hadde gått jamt ned i løpet av året. Tala for 1. tertial viste resultat av den smittetoppen som Ørsta hadde tidleg på året. Leiarane våre melde om stor slitasje etter gjentakande smittebølger i helse og omsorg og i skular og barnehagar. Diverre steig det samla gråveret i 3.tertial. Den rapporterte slitasjen, i tillegg til langtidssjukdom etter smitte er noko av det som prega sjukefråværet i 2022.

Samla fråvær 2022

Seksjon	1. tertial	2. tertial	3. tertial
Kommunedirektør og stab	10,23 %	10,75 %	6,31 %
Kultur og landbruk	1,68 %	1,74 %	2,59 %
Skule	11,74 %	7,26 %	10,34 %
Barnehage	14,70 %	11,75 %	17,19 %
Helse og velferdstenester	11,73 %	8,15 %	9,77 %
Omsorg og sjukeheim	14,72 %	10,37 %	9,74 %
Eigedom	6,63 %	12,00 %	9,16 %
Tekniske tenester	4,54 %	2,05 %	2,19 %
Totalt	11,76 %	8,74 %	10,38 %

Statistikken under syner at det er langtidsfråværet på over 60 dagar som er mest urovekkjande. Det eigenmelde korttidsfråværet ligg innfor det påreknelege.



Lærlingar:

Ørsta kommune slutta seg til Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre med verknad frå 1. juli 2021. Staben har organisatorisk og budsjettansvar for lærlingane. Det vert nytta 50 % stilling til administrasjon av ordninga. 30 % av dette er lagt til staben og 20 % til ein fagleg ansvarleg for helsefaglærlingane. Våren 2022 gjennomførte fem helsefaglærlingar og fire barne- og ungdomslærlingar

fagprøven. Hausten 2022 har kommunen 5helsefaglærlingar, 7 barne- og ungdomsfaglærlingar og 1 kokkelærling. Til saman 30 instruktørar knytt til ulike tenestemråde gir lærlingane oppfølging og rettleiing.


Rekneskap

Beløp i 1000


	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	29 284	28 034	29 121	1 087	3,7 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	3 219	4 258	2 957	-1 301	-44,0 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	604	383	178	-205	-115,4 %
Overføringsutgifter	1 017	1 758	1 457	-301	-20,6 %
Finansutgifter	416	302	0	-302	0,0 %
Sum Driftsutgifter	34 540	34 735	33 713	-1 022	-3,0 %
Salgsinntekter	-790	-845	-834	11	-1,4 %
Refusjoner	-3 990	-3 003	-2 319	684	-29,5 %
Overføringsinntekter	0	-5	0	5	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-40	-813	-146	667	-457,0 %
Sum Driftsinntekter	-4 820	-4 666	-3 299	1 367	-41,4 %
Netto resultat	29 720	30 069	30 414	345	1,1 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Oppvekst, kultur og inkludering

Beskriving av tenesteområde

Frå 1.9.2022 dekkjer kommunalområde Oppvekst, kultur og inkludering tenesteområda barnehage, skule, flyktingteneste, kulturhus, kino, bibliotek, kulturskulen, Kaihuset, frivilligsentral, kulturkonsulent og folkehelsekoordinator. I tillegg ligg samordning med interkommunal PPT til dette kommunalområdet.

Kultur var tidlegare organisert i lag med landbruk. Vi har kulturkonsulent i 50 % stilling kombinert med folkehelsekoordinator i 50 % stilling. Den overordna leiingsressursen for kulturområdet er lagt inn i stillinga til kommunalsjef for Oppvekst, kultur og inkludering. Kulturkonsulent/folkehelsekoordinator er organisert i oppvekststaben.

Ørsta kommune har sju kommunale og tre private barnehagar. Vi har felles styrmøte for alle barnehagane, og barnehagemynde har tilsyns- og rettleiingsansvar for både kommunale og private barnehagar. Spesialpedagogisk koordinator har tilsetjing i oppvekststaben og koordinerer det spesialpedagogiske tilbodet for alle barnehagane i kommunen. Barnehagane skal forvalte oppgåvene som følgjer av Lov om barnehagar med forskrift, nasjonal og lokal rammeplan.

I kommunen er det sju grunnskular. Av desse er fire reine barneskular, to er 1-10 skular, og vi har ein ungdomsskule. Vaksenopplæringa har grunnskule og spesialundervisning for vaksne. Desse tenestene forvaltar oppgåver styrt av opplæringslova og Kunnskapsløftet - læreplanverket for grunnskulen. Ørsta opplæringscenter har i tillegg ansvar for undervisning etter integreringslova. Eit tilbod som er blitt betydeleg utvida i 2022.

Flyktingtenesta er eit eige ansvarsområde med fagleiar. Dei har ansvar for mottak og busetting av flyktningar. I 2022 hadde tenesta ei firdobling i talet på busette flyktningar.

I oppvekststaben er også logoped og LOS-teneste organisert.

Overordna mål

Det er ikkje utforma overordna mål for det nye kommunalområdet, og vi nyttar oss derfor av måla i kommuneplanen sin samfunnsdel, og mål og strategiar frå levekårsplanen.

Frå kommuneplanen sin samfunnsdel:

I 2025 er Ørsta ein inkluderande kommune med eit mangfald av opplevingar og gode oppvekstmiljø

- Ørsta er ein attraktiv kommune å bu i og med gode oppvekstmiljø
- Ørsta er ein attraktiv kulturkommune
- Ørsta har gode og samordna kommunale tenester
- Ørsta har attraktive skular, arenaer for utdanning og kompetanseutvikling

Frå levekårsplanen:

Overordna mål for innbyggjarne sine levekår og folkehelsa er:

- Gode levekår i alle livsfasar

Tre strategiar:

- Helsefremjing og førebygging
- Tidleg innsats
- Universell utforming som strategi

Utvalde resultat

Ørsta kulturhus, kino og bibliotek

Kulturhus

2022 starta med drift framleis prega av pandemien, med avlyste arrangement og lite publikumstilstrøyming. Elles har drifta nærma seg normalen dette året, og mot slutten av året såg vi ein auke i publikumstala spesielt på kino. Dette er mest truleg eit resultat av god filmtilgang i tillegg til slutt på restriksjonane. Kulturhuset har delar av våren vore fast arena for vaksinerings, og kafeteriaen har vore base for utstyr til vaksineringssteamet og dermed ikkje vore eigna til utleige elles. Siste halvår har kafeteriaen vore tilbake i normal drift. Totalt har vi i 2022 hatt 223 aktivitetar/arrangement (+ kino) på planen, der nokre av desse har blitt avlyst eller utsett.

Kino

Besøket i 2022 er også langt under forventet besøk, og det gjeld heile landet sin statistikk også, ikkje berre i Ørsta. Dette er naturlegvis pga pandemien. Men hausten vart god, med store filmar som trakk til seg mykje publikum.

Med trang økonomisk ramme vert vi styrt til å ikkje programmere dei smale filmene, sidan dei mest truleg vil gå med tap. Kulturoppdraget vert såleis ikkje utført tilfredsstillande, når Ørsta kino berre unntaksvis kan programmere smal film. Vi treng samarbeidspartar for å sikre overskot/godt besøk på smale filmar, og dette året har vi mellom anna samarbeida med fagfeltet innan psykisk helse i Ørsta for visning av filmen Rose. I 2022 året har vi jobba fram eit dagkinotilbod som vi er stolte av. Samarbeid med Ørsta vidaregåande skule, restaurant- og matfag har sørget for at vi for kostpris får servere nydeleg bakst til dagkinogjestane våre. Vi held fram med tilbodet i 2023.

Kinoprojektoren syng på siste verset, og snart finnast det ikkje reservedelar til å reparere den. Service og evt reparasjonar er dessutan kostbart, og det er eit stressmoment i dei tilsette sin arbeidskvardag at projektoren er ustabil. Konklusjonen er at vi må sjå på mulighetene til å kjøpe ny projektor snarast råd.

Ei framtid ilag med Ørsta vidaregåande skule

Ørsta kommune vedtok i desember 2020 at Ørsta kulturhus og kino skal rivast, og nytt kulturhus med kino og bibliotek skal byggast i sambygg med ny vidaregåande skule. I 2022 har dette arbeidet halde fram, og det er forseinking i prosjektet. Informasjonen vi har ved årsskifte er at kulturhuset skal ha normal drift i heile 2023.

Kulturhuset er elles i dårleg stand mtp utfordringar med ventilasjonsanlegget, temperatur og inneklima for å nemne noko av det vi merkar i kvardagen. Vi ser fram til nybygg.

Kulturskulen

Elevplassar: 212

Venteliste til elevplass: 31

Kulturskulen opplevde i 2022 ein liten auke i elevtal samanlikna med dei to føregåande åra, og såleis moglegens ein snuande trend frå åra som har vore prega av pandemi og restriksjonar.

Vi fekk fylt opp all kapasitet på dei aller fleste instrument, og der var svært få ledige plassar.

Det vart gjennomført to store elevkonserter på Ørsta kulturhus, haust og vår, med om lag 100 elevar i aksjon på scena og fullsett sal. SUS hadde 50-års jubileumskonserter om våren på i gymsalen på Sæbø og i på Kaarstadbygget i Volda, og adventskonserter på Ørsta bedehus og i Volda kyrkje i desember. Flotte konsertar med medverkande elevar frå heile søre Sunnmøre, og godt publikumsframmøte.

Elles har kulturskulen som vanleg hatt høg konsertaktivitet gjennom året, med 19-konsertar i eigne lokale, sommarkonsertar på kulturscena Stødt og elevinnslag under forskjellige møte og arrangement i regi av andre. Den faste julekonserten i Ørsta kyrkje vart gjennomført som vanleg, og vi hadde også konsert på Ørstaheimen med julerepertoar.

Dramagruppene slo seg saman og framførte Nøtteknekkaren på Ivar Aasen-tunet, med stor suksess. Her hadde vi også lærarband med, som sto for musikken til stykket. Dramagruppa er eit populært tilbod, og ved utgangen av 2022 var begge gruppene fulle.

Vi har halde fram med rekrutteringstiltak som skulekonserter, skulebesøk og gratis prøvetimar der det er ledig kapasitet. Ordninga der vi tilbyr gratis plass ut inneverande skuleår gjennom instansar som NAV, Barnevern og flyktningkontoret har vore nytta.

Gruppetilbod for born under grunnskulealder – kulturkarusell – er også populært. Musikkterapeut leier tilbodet, og instrumentallærarar er inne i gruppene og har opplegg i perioder slik at borna får prøvd seg på ulike instrument. Musikkterapeut reiser også ut på besøk til barnehagane i kommunen, også her er instrumentallærarar med i perioder.

Vi har songtilbod til personar med demens på avdeling Bakketun ved Ørstaheimen, og i tillegg tilbod til personar med demens som ikkje har plass i institusjon på Bakk-Ola-Marka. Tilboda til born under grunnskulealder og eldre er sentrale i arbeidet med å oppfylle det rammeplan for kulturskulen seier om breiddetilbod, og ikkje minst visjonen «kulturskule for alle».

Dekningsgrad - Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år

	2019	2020	2021	2022
Ørsta	2,5 %	1,9 %	1,5 %	1,7 %
Volda (-2019)	7,5 %			
Møre og Romsdal	4,7 %	4,8 %	5,4 %	5,2 %
Landet uten Oslo	3,2 %	3,0 %	3,1 %	3,2 %
Kostragruppe 10	2,9 %	1,9 %	2,1 %	2,1 %

Samanlikna med andre, er det ikkje lange ventelister til Kulturskulen.

Ørstahallen og frivilligsentral

Ørstahallen har aktivitetar frå 08:15 – 22:00 på kvardagar. Helgane er opningstidene tilpassa arrangementa som er.

Idrett

Sesong 22/23

Bane

Tildelte timar	Lag	Idrettar
85	Ørsta idrettslag Hovdebyda IL Åmdal IL Sæbø IL Bedriftsfotball Kaihuset	Handball Futsal Friidrett Innebandy Turn Barneidrett Fotball Volleyball

Bordtennisrom/treningsrom

Tildelte timar	Lag	Idrettar
15	Ørsta idrettslag Ørsta og Volda Linedance	Bordtennis Turn Linedance

Ørstahallen som fleirbrukshall

I tillegg til å vere vere trenings- og kamparena, vert Ørstahallen nytta til ei rekke andre arrangement. I 2022 har Ørstahallen vore nytta til Karrieredagar, Næringskonferanse, Vassendgutane konsert, Grand Prix. Disse arrangementa har til saman eit besøkstal på om lag 4500

Skule i Ørstahallen

Skulane Velle, Vikemarka, Ørsta ungdomsskule, Ørsta læringssenter og Ørsta vidaregåande nyttar Ørstahallen til kropsøving.

Møteromma vert nytta til skule for 7.klassene frå Vikemarka og Velle i skuleåret 22/23.

Sambruk:

Etter skuletid vert klasseromma nytta til møteverksemd for frivillige lag og organisasjonar.

Etter skuletid med Kaihuset:

Ørstahallen vert mykje nytta av ungdom som tilhaldsstad. Hausten 2022 starta Kaihuset opp med etter skuletid kvar tysdag i veka, der uorganisert ungdom kan nytte hallen på bane, få leksehjelp og ein billig matbit.

Frivilligsentralen

Lokalisert i Ørstahallen.

Frivilligåret

I samband med at 2022 har vore frivilligåret frivilligsentralen vore arrangør for frivilligdag i sentrum og arrangert generasjonsleikar på stadion, og delteke i det nasjonale arrangementet sykkelturen i regi av Noregs frivilligsentralar

Flyktningar

I samband med flyktningkrise har frivilligsentralen vore del av ressursgruppa og har jobba særskilt med å få flyktningborna inn i organiserte aktivitetar. Frivilligsentralen arrangerer kulturkafè og ferieaktivitetar for låginntektsfamiliar born i samarbeid med flyktningkontoret.

Eldre

Frivilligsentralen har vore med i arbeidet med oppstart av datakurs og datatreff for eldre, samt arrangert generasjonsleikar og sykkeltur. Frivilligsentralen har i tillegg ansvar for den kulturelle spaserstokken.

Ungdom

Ørstahallen har ansvar for å arrangere UKM i samarbeid med Kaihuset.

Anna

Frivilligsentralen har ansvar for TV-aksjonen.

Kaihuset

Kaihuset har i snitt 2,5 opningskveldar i veka, tysdag, torsdag og annankvar fredag. Ein av fredagane i månaden har vi kveldsope i Ørstahallen, med open hall.

Blant dei nye aktivitetstilboda vi har fått opp og gå i 2022 er bordtennis og sjakk. Dei tilsette held også musikkrommet ope for dei som vil inn og halde på med musikk, og tilbyr rettleiing til dei som ynskjer det.

På våren prøvde vi ut eit nytt tilbod – etter skuletid i Ørstahallen. Her får ungdommar som kjem innom tilbod om aktivitet/leik på ei speleflate, leksehjelp og ein rimeleg matbit, mellom anna. Dette tilbodet ser vi har verdi, og vi ynskjer å utvikle og utvide det framover. I samarbeid med frivilligsentralen har vi inne søknad om midlar til nettopp utvida etter skuletid-tilbod.

Vi ser at det å utvide ungdomstiltak-tilboda til også å vere utanfor lokala på Kaihuset, har verdi. Tilboda i Ørstahallen ligg i eit område der mykje ungdom uansett er samla både på dag og kveld, og vi ser at ei flytting av tilbodet til nytt kulturhus, når den tid kjem, truleg vil kunne slå positivt ut.

Dei tilsette på Kaihuset er med på planlegging og gjennomføring av UKM på Ørsta kulturhus. Ørsta lukkast stadig med å få UKM til å verte ei stor kulturell hending for ungdom, med god påmelding, og ynskjer å halde på dette formatet også framover.

Skule

Nøkkeltal for 2022

	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Volda 2022	Kostragruppe 07	Møre og Romsdal
Prioritet					
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgif (B)	22,6 %	23,0 %	21,9 %	24,4 %	22,5 %
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger (B)	15 224	16 402	15 924	16 819	16 186
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B)	99 445	108 872	111 619	104 258	109 667
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (B)	120 206	129 991	139 848	131 889	135 429
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), i prosent av samlede netto driftsutgifter	0,3 %	0,4 %	0,3 %	0,5 %	0,5 %
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B)	17 007	16 568	24 330	22 387	20 628
Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger 6-15 år (B)	2 294	2 180	1 788	2 585	2 395
Dekningsgrad					
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	5,2 %	6,2 %	5,7 %	7,8 %	9,7 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring (B)	4,1 %	4,7 %	4,6 %	4,2 %	5,6 %

Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B)	50,0 %	53,4 %	57,1 %	58,4 %	61,1 %
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (B)	14,8 %	17,9 %	17,8 %	17,4 %	21,0 %
Kvalitet					
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	42,8	41,8	44,2	42,7	43,1
Nasjonale prøver 5. trinn: Engelsk	49,0	50,0	49,0		50,0
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	48,0	49,0	49,0		49,0
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	49,0	50,0	50,0		50,0
Nasjonale prøver 8. trinn: Engelsk	48,0	50,0	51,0		49,0
Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing	47,0	49,0	52,0		49,0
Nasjonale prøver 8. trinn: Regning	48,0	50,0	50,0		50,0
Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing	52	52	55		53
Nasjonale prøver 9. trinn: Regning	54	53	56		53
Grunnlagsdata (Nivå 3)					
Antall deltakere i grunnskoleopplæring for voksne	19	15	19	677	242
Antall deltakere i voksenopplæring	22	18	31	909	504
Antall elever i kommunal SFO	250	252	258	16 101	7 077
Antall elever i kommunale grunnskoler	1 312	1 330	1 209	69 804	30 331
Antall elever i kommunale og private grunnskoler	1 362	1 376	1 225	72 131	31 578
Antall elever med spesialundervisning kommunale og private	71	85	70	5 644	3 048
Antall elever med særskilt norskopplæring kommunale og private	56	64	56	3 028	1 733
Antall elever som får skoleskyss kommunale og private	322	309	234	18 308	8 726
Assistentårsverk, avtalte årsverk	35,3	41,2	40,0	2 747,0	1 253,5
Avtalte årsverk SFO	12,7	14,8		856,8	366,2
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	42,8	41,8	44,2	42,7	43,1
Lærerårsverk, avtalte årsverk grunnskolesektor	164,4	168,4	150,5	7 438,4	3 498,8

Kostratala frå 2022 viser at Ørsta kommune no er omlag på nivå med Kostragruppe 7 i ressursbruk, etter at vi i fleire år har brukt betydeleg mindre. Vi ser også at driftsutgifter til SFO har auka, og det har også talet på tilsette. Dette heng nok saman med at det vart innført gratis kjernetid for 1.klassingar frå 1.8.2022. Ein annan ting å merke seg er at vi har ein auke i tal elevar som får spesialundervisning. Vi har auka i talet på lærerårsverk. Dette heng nok saman med auke i spesialundervisninga, og at vi også har fleire elevar i grunnskulen i 2022 enn i 2021. Auke i talet på flyktningar er også med å auke behovet for lærarar. Det er godt å sjå at nasjonale prøver hausten 2022 hadde jamt over betre resultat enn året før. Resultata frå grunnskule vert kommentert i eigen tilstandsrapport for grunnskulen tidleg haust 2023.

Barnehage

Barnehage er ei lovpålagt pedagogisk verksemd og alle barn som er fødde før 1.desember har rett på plass. Det er kommunen som har plikt til å innfri denne retten.

Tal på tilsette vil til ei kvar tid henge saman med tal og alder på barn i barnehagane. I Ørstabarnehagen vert både pedagognorma og bemanningsnorma oppfylt. Personalet sin kompetanse er barnehagen sin viktigaste ressurs og er ein føresetnad for at barnehagen skal vere ein god arena for omsorg, leik, læring og danning.

God kvalitet er viktig for at barn skal få ein god start og gode høve til å klare seg vidare i livet. Psykiske lidningar/utanforskap kostar Norge meir enn noko anna sjukdom. Gode barnehagar er lønsamt både for barna si psykiske helse og for samfunnet.

1. Kvalitet i dei 1000 første dagane for alle våre barn. Lokal rammeplan for Ørstabarnehagen er ei felles forpliktande plattform som alt arbeid skal forankrast i. Planen er godt forankra i barnehagane og det er også laga fleire felles standardar på ulike område. Barnehagane har arbeidd med å sikre gode og inkluderande barnehagemiljø fri for krenking og mobbing. Mykje fråvær og nye vikarar har vore utfordrande for dette arbeidet.
2. 100 % barnehagedekning med god kvalitet på tilbodet. Vi arbeider for å skape framtidsretta barnehagar i tråd med lov og rammeplan, og som er gode arbeidsplassar for våre tilsette. Det å kunne tilby barnehageplass er heilt nødvendig for ei kommune som ynskjer å auke talet på innbyggjarar.
3. Redusere sjukefråveret Målet vårt er heile tida å redusere sjukefråvær. Åra med korona har redusert både høve til å arbeide med kultur og haldningar, og kvar lista for fråvær skal ligge. Ørstabarnehagen har nærverande leiarar som arbeider systematisk og godt både for å heve kvaliteten i barnehagane, dei tilsette sin kompetanse og skape eit godt arbeidsmiljø.

Nøkkeltal

	Ørsta 2021	Ørsta 2022	Volda	Kostragruppe 07	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Prioritet						
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (211) Styrket tilbud til førskolebarn (B) **)	1 082	1 052	557	689	711	724
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B)	15,0 %	15,5 %	14,4 %	14,2 %	13,4 %	13,7 %
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) **)	178 361	199 615	189 268	189 367	190 760	189 952
Produktivitet						
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B)	164 408	184 320	176 441	179 625	185 760	188 996
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr) (B)	76,1	85,3	81,7	83,2	86,0	87,5
Korrigerte oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager (B)	11 597	11 497	11 855	12 434	12 067	12 111
Dekningsgrad						
Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B)	8,5 %	12,1 %	13,6 %	4,5 %	8,2 %	5,0 %
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år (B)	92,9 %	93,5 %	88,0 %	87,1 %	89,9 %	87,8 %
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B)	99,2 %	99,5 %	100,8 %	97,1 %	98,2 %	97,3 %
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B)	62,9 %	63,0 %	60,9 %	55,4 %	48,1 %	50,4 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass (B)	10,1 %	11,7 %	12,9 %	16,2 %	15,9 %	18,6 %
Kvalitet						
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B)	5,6	5,5	5,5	5,8	6,0	5,9

Ørsta kommune har ein merkbar auke i utgiftene til barnehagedrift. Dette heng i hop med at vi har gitt tilbud til barn utan rett til plass, og desse barna hovudsakeleg i aldersgruppa 0-2 år. Etter bemanningsnorma skal det vere ein vaksen pr. tre barn i denne aldersgruppa. Dette kjem også fram i statistikken under Dekningsgrad. Det er eit godt tiltak at vi gir plass til alle, dette kan gjere at vi unngår utgifter til barnehageplassar utanfor kommunen. Det er også eit viktig tiltak for tidleg innsats.

Flyktingtenesta

Flyktingtenesta hadde i 2022 sitt heftigaste driftsår. Kommunen firdobla talet på busette flyktingar, og dette skjedde i hovudsak frå august.

Vanlegvis buset vi 25 flyktingar pr. år. I 2022 busette vi 88 flyktingar, og kommunestyret har vedteke at vi i 2023 skal ta imot inntil 140 flyktingar dersom. Det var gjort to tilsettingar for å auke kapasiteten til tenesta, men vi ser at det er behov for meir, og vil gjere ytterlegare ei tilsetting i 2023. I tillegg har vi nokre på mellombelse arbeidsavtalar knytt til miljøarbeid og støtte i samband med busetting/integrering.

I 2022 har ei administrativ ressursgruppe i Ørsta kommune jobba aktivt med å fordele og koordinere oppgåver knytt til busettinga av 88 flyktingar. Gruppa har hatt teamsmøte i snitt ein gong i veka. Medlemmar i ressursgruppa har vore frå flyktingtenesta, helsetenester, barnehage, skule, eigedomsseksjon, NAV og Frivilligsentral. Fagleiar for flyktingtenesta er leiar for gruppa. Ørsta kommune hadde i perioden mars 2022 til juni 2022 13 asylsøkarar frå Ukraina på alternativ mottaksplassering i Ørsta kommune. Dei gjekk over til avtalt sjølvbusetting (IMDi) etter at dei fekk innvilga kollektivt vern og går inn i talet på busette i Ørsta kommune.

Det har vore ein formidabel innsats blant tilsette i Ørsta kommune og det har aldri tidlegare blitt busett så mange flyktingar. Dei aller fleste har blitt busett etter sommarferien. I 2022 har vi også fått ekstra drahjelp med frivillige lag og organisasjonar som har bidratt til eit godt integreringsarbeid. Frivilligsentralen har i tillegg prioritert barn og unge og kartlagt barn i skulealder med tanke på innpass i organiserte aktivitetar i Ørsta.

I starten var det mest åleinemødre med barn og eldre flyktingar som blei busett. Utover hausten har det også blitt busett mange einslege menn og kvinner i tillegg til familiar. Ørsta kommune har oppretta fleire bukollektiv for einslege vaksne. Flyktingtenesta har avslått om lag 50 flyktingar som IMDi har fordelt til Ørsta kommune. Dette er Ørsta ikkje åleine om og fleire og fleire kommunar har måtte avslå fordelingar på slutten av året i hovudsak på grunn av mangel på bustadar. Måltalet om å busette 150 flyktingar såg vi vart urealistisk, men at vi har greidd å busette 88 flyktingar er formidabelt med tanke på kva ressursar vi har hatt til rådighet for å busette så mange.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	248 849	268 831	259 805	-9 026	-3,5 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	18 827	23 096	19 186	-3 910	-20,4 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	46 041	46 606	44 988	-1 618	-3,6 %
Overføringsutgifter	4 529	6 237	6 867	630	9,2 %
Finansutgifter	2 168	1 141	0	-1 141	0,0 %
Sum Driftsutgifter	320 415	345 911	330 846	-15 065	-4,6 %
Salgsinntekter	-20 217	-23 040	-24 076	-1 036	4,3 %
Refusjoner	-40 328	-40 594	-32 708	7 886	-24,1 %
Overføringsinntekter	-625	-111	-560	-449	80,3 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-2 808	-1 442	-676	766	-113,3 %
Sum Driftsinntekter	-63 978	-65 187	-58 020	7 167	-12,4 %
Netto resultat	256 437	280 724	272 826	-7 898	-2,9 %

Status økonomi

Beløp i 1000

Sektor	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
31-Kultur	9 164	9 410	8 941	-469	-5,3 %
32-Skule	141 514	155 571	153 080	-2 491	-1,6 %
33-Barnehage	101 168	107 466	102 592	-4 874	-4,8 %
34-Flyktningararbeid	4 590	8 277	8 213	-64	-0,8 %
Sum	256 437	280 724	272 826	-7 898	-2,9 %

Kommentar til status økonomi

Resultatet for kultur, skule og barnehage syner eit meirforbruk for 2022. Gjennom året hadde vi særst høgt sjukefråvær i barnehage og skule. Sjølv om vi får refundert det meste av lønsutgiftene ved langtidsfråvær, får vi ikkje refundert utgifter til pensjon.

Skule fekk i 2022 eit meirforbruk. Hovudårsaka til dette er at vi har auka utgifter til elevar som får opplæring utanfor kommunen, utgifter knytt til høgt sjukefråvær og utgifter i tilknytning til korona.

Barnehagedrifta i 2022 kom ut med eit betydeleg meirforbruk. Hovudårsaka til dette er auka bemanning knytt til at vi opna for å ta inn barn utan rett til plass etter vedtak i kommunestyret. Vedtaket i november 2021 (sak 142/21) fastslo at kommunen skal tilby plass til barn utan rett til plass. Det var løyvt 1,5 millionar til dette føremålet, men dette vart ikkje innarbeidd i budsjettet for 2022.

Kostnadskonsekvensen vart også høgare enn 1,5, millionar, og dette ligg til grunn for det meste av meirforbruket. I tillegg har vi hatt høgt sjukefråvær som medfører auka vikarbruk. Det var også gjort ei underbudsjettering for tilskot til private barnehagar på omlag 1 million.

Flyktingtensta gjekk omlag i balanse i 2022. Det var opprinneleg ikkje budsjettert at vi skulle ta imot nær 100 flyktningar i 2022, men dette vart justert i budsjettkorrigering i desember 2022. Kommunen får integreringstilskot pr. flyktning som skal gjere det mogleg å busette og integrere flyktningar på ein best mogleg måte. Midlane er ikkje øyremarka. Flyktningar skal ha utbetalt introduksjonsstønad slik at dei har til livsopphald medan dei deltek i norskopplæring og språkpraksis. Det var ikkje budsjettert for den monalege auken i flyktningar i 2022, og ei budsjettkorrigering var derfor nødvendig.

Det samla resultatet for tenestoområde Kultur syner et meirforbruk. Det som utfordrar oss mest er å få balanse i kinodrifta. Kulturhusdrifta går godt, men ikkje nok til å dekkje inn for kinodrifta. Etter koronaen har det vore vanskeleg å få opp igjen besøkstala på kinoen, men det var ei positiv utvikling i desember. Likevel går vi i minus. Både Kulturskulen og Kaihuset går i god balanse.

Oppsummering tiltak

Kultur

Aktuelle tiltak for å redusere meirforbruk er nøktern personalforvalting og å auke kinobesøket. Det er vanskeleg å sjå at det er mogleg å reudsera bemanninga ytterlegare. For Kultur samla er det kinodrifta som gjer at vi kjem i minus på grunn av manglande inntening.

Skule

Skule fekk i 2022 eit meirforbruk. Hovudårsaka til dette er at vi har auka utgifter til elevar som får opplæring utanfor kommunen, og utgifter i tilknyting til korona. Meirforbruket skuldast først og fremst utgifter til knytt til korona, høgt sjukefråvær og elevar som får opplæring i andre kommunar.

Tiltak for å unngå meirforbruk vil vere lønsbudsjettering som tek høgde for sjukefråvær og å justere bemanninga i forhold til budsjetterte midlar. Ved fråvær skal det så langt som råd ikkje leigast inn vikarar i arbeidsgivarperioden.

Dei andre driftspostane er allereie på eit minimum og her er det ikkje meir å skjere ned.

Barnehage

Tiltak for å unngå meirforbruk i 2023 er først å fremst å få i hamn eit realistisk budsjett. Vidare er det å halde fram med grundige vurderingar ved vikarbruk, samtidig som vi må ha ei bemanning som tek høgde for ein del av det høge sjukefråværet vi har hatt.

I kommunestyret i mars 2023 vart det vedteke budsjettkorrigering som gir realistiske driftsrammer for barnehagane, og som tek høgde for auka bemanning knytt til at vi gir tilbod om plass også til barn utan lovfesta rett jf. kommunestyrevedtak 141/21.


Med denne korrigeringa er det venta at barnehagane skal kunne levere eit årsrekneskap i balanse i 2023.

Flyktningteneste


Budsjettet for 2023 er korrigert for det talet flyktningar kommunen har motteke til no. Dersom det kjem fleire, vil det vere behov for ytterlegare budsjettkorrigeringar. Kommunen mottek integreringstilskot som er meint å dekkje kommunen sine utgifter i samband med busetting av flyktningar. Tilskottet vert gitt som frie midlar.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Helse, omsorg og velferd

Beskriving av tenesteområde

Dei to seksjonane omsorg og sjukeheim, og helse og velferdstenester var slått saman til nytt kommunalområde Helse, omsorg og velferd 1.september 2022.

Det er eit stort ansvar å medverke til god helse i befolkninga og legge til rette for livsmeistring. Tenestene skal vere universelle, tilgjengelege og individuelt tilpassa. Eldrereforma «Leve heile livet» har fått ein sentral plass i organisasjonen og når ut til innbyggjarane på ein god måte.

Omsorg og sjukeheim

Denne seksjonen hadde ansvar for Ørstaheimen, Vartdal Helsetun og Hjørundfjordheimen. Institusjonane på Vartdal og Sæbø har også omsorgsbustader, og har i tillegg ansvar for heimetenestene i sin region.

Resultat for seksjonen i 2022 viser eit meirforbruk på kr. 4 461 644,-

Av dette er omlag 2 million meirutgifter knytt til Covid. Seksjonen har fått refusjon frå ressurskrevjande tenester tilsvarande om lag 3 mill, meirforbruk knytt til ressurskrevjande tenester er 1,8 mill utover tildelt ramme.

Betalingsdøgn til helseføretaket var i 2022 kr. 5.306,- pr.døgn. Kommunen betalte tilsaman kr. 159 180 for utskrivingsklare pasientar.

Året har vore mindre krevjande enn dei føregåande åra i høve Covid, sjølv om vi hadde ei periode tidleg på året og i slutten av året med mykje smitte og fråvær. Rekruttering av helsepersonell vore utfordrande i 2022– der vi har hatt fleire vakante stillingar ledige over tid.

2022 var eit år på veg tilbake mot normalen, og sjølv om vi hadde nokre krevjande periodar, så greidde vi å gi forsvarleg helsehjelp innafor vårt ansvarsområde.

Helse og velferd

Rekneskap 2022 viser eit samla meirforbruk i tidlegare seksjon Helse og velferd på 16,3 millionar. Det er alvorleg, men viser samtidig at budsjett for delar av heimetenestene ikkje er realistisk. 6 million er meirutgifter knytt til Covid, som seksjonen ikkje er kompensert for. 6 million er knytt til vikar for fastlege i legesenteret, test stasjon og meirutgift legevakt. Meirforbruk sosialhjelp utgjer 1,2 million.

Ut over det er meirforbruk knytt til Heimetenestene inkl. teneste for psykisk helse og rus. Heimetenestene hadde også i 2022 store meirutgifter knytt til Covid, høgt sjukefråvær og tiltak som ikkje var finansiert i budsjettet. Gjennom året måtte ein opprette 2 nye 1:1 tiltak. Her av eit som ikkje fell inn under ordninga for ressurskrevjande tenester.

For å sikre nødvendig lege dekning vart det gjort avtale om legevikar på fastløn. Ørsta som andre kommunar opplever at yngre legar krev fastløn og ikkje ønskjer gå inn i næringsdrift. Dette er ei utfordring knytt til rekruttering av fastlege og samarbeidsavtale med Legesenteret as. Dette arbeidet får fokus i 2023.

Refusjonsordninga for ressurskrevjande tenester er og har vore usikker fordi vilkåra for berekning endrar seg frå år til år. Staten hevar innslagspunktet for refusjon, og overlet ein stadig større kostnad til kommunane. For 2022 er innslagspunktet sett til 1 529 000. Kommunane får refundert 80 % av direkte lønnskostnader over 1 520 000. For personar med utviklingshemming kjem rammetilskotet på kr 789 000 i tillegg. Refusjon vert då 80 % av kostnader over kr. 2 247 000.

For 2022 gir nye tiltak likevel større refusjon enn forventa. Samla refusjon er førebels berekna til kr 11 864 000, mot forventa/budsjettert 9 565 000, dette inkluderer også refusjon til Omsorg og sjukeheim. Auka refusjon er ein følge av auka kostnader.

Tildeling og koordinering

Tildeling og koordinering var i 2022 ein del av seksjon Helse og velferdsteneste. Rekneskapen viser eit mindreforbruk på omlag 1 million. Dette som følgje av auka inntekter frå eigenbetaling tryggleiksalarm og refusjon for ressurskrevjande tenester.

Kontoret sakshandsamar alle søknadar og tenester etter lov om kommunale helse og omsorgstenester, med unntak av heimetenestene på Vartdal og Sæbø. For 2023 er det ei målsetting at kontoret handsamar alle søknadar om helse og omsorgstenester for heile kommunen.

Kontoret har også ansvar for koordinerande eining og Barnekoordinator. Utforming, rolle og innhald for Barnekoordinator vert arbeidd med no i 2023. Kontoret har ikkje dedikert ressurs eller stilling til Barnekoordinator, men skal dekke funksjonen, og sørge for vurdering og tildeling av Barnekoordinator og andre koordinatorar.

I 2022 vart vederlags berekning for opphald i institusjon også ein del av Tildelingskontoret og tre tilsette flytta frå Ørstaheimen til rådhuset. På denne måten har kontoret fått ei tydeleg rolle og ansvar for sakshandsaming, forvaltning og likebehandling for alle brukarar/innbyggjarar. Frå 2023 er kontoret ein del av Tenesteområdet Helse tildeling og koordinering.

Ergo, fysio og friskliv

Vi har i 2022 dreia 40-50% av tenestene frå vaksne kurative betalingspasientar til born og unge. Det er eit behov for auke i tenester for born og unge og det er i hovudsak den kommunale fysioterapitenesta som fyl opp alle born med særskilte behov. Friskliv har i 2022 tilbudt vaksne med behov for helsesamtale. Dette går på ønske om livsstilsendring med fokus på kosthald og aktivitet.

Friskliv ilag med fysioterapien og ergoterapien har utvikla eit stort lavterskeltiltak for eldre – med trening gjennom "Sterk og Stødig". Dette er i nært samarbeid med Røde Kors. Bortimot 100 personar har trent kvar veke, og det er tilbod 1 x veka både i sentrum, på Vartdal og på Sæbø.

Helsestasjonen

2022 har det vore ei stor utfordring for helsestasjonen at talet med flykningar har auka betraktelig pga krigen i Ukraina.

Helsestasjonen har hatt helseoppfølging på alle flykningar (born/vaksne). Denne jobben er blitt gjort utan auka ressursar og det har vore svært krevjande, i ein elles hektisk arbeidskvardag. I den forbindelse vart det tilsett ein sjukepleiar i 20% stilling, knytt til helsestasjonen.

Det har vore mange og store utfordringar blant barn og unge i skulehelsetenesta siste året. Det er mange som slit og treng mykje ekstra oppfølging av helsesjukepleiar, av psykolog og også henvisning til spesialisthelsetenesta. Det er starta opp ulike gruppesamtaletilbod rundt på ulike skular, eit samarbeid mellom skulen og skulehelsetenesta

Frå hausten 2022 har vi fått brukt ein 20% resurs frå TPHR som støtte til psykolog og helsestasjon for oppfølging av barn og unge meg psykiske helseutfordringar.

Kommunepsykolog hadde også student våren 2022, som var til stor hjelp innan dette feltet.

Overordna mål

Omsorg og sjukeheim

Yte fagleg gode tenester der brukarar vert møtt med respekt, kompetanse og løysingsvilje.

- Rett behandling på rett stad til rett tid
- Tilpassa og forsvarlege teneste i eigen heim og i sjukeheim
- Trivsel i arbeidet
- Økonomistyring innanfor tildelt ramme

Døgn i drift

- (teneste 8 avlastning, 18 korttidsopphald, 19 korttidsopphald, 20 korttidsopphald, 21 langtidsopphald, 25 KAD) :
- Ørstaheimen - Korttidsavdelinga: 5 697 liggedøgn
- Ørstaheimen - Vallastova: 8 201 liggedøgn
- Ørstaheimen - Solkroken: 7 734 liggedøgn
- Ørstaheimen - Bakketun: 5 783 liggedøgn
- Hjørundfjordheimen andre etasje: 5 725 liggedøgn
- Vartdal helsetun gruppe 2: 3 232 liggedøgn

Belegg

- (teneste 8 avlastning, 18 korttidsopphald, 19 korttidsopphald, 20 korttidsopphald, 21 langtidsopphald, 25 KAD) :
- Ørstaheimen - Korttidsavdelinga: 16 senger 97,82 %
- Ørstaheimen - Vallastova: 24 senger 93,88%
- Ørstaheimen - Solkroken: 22 senger 96,58%

- Ørstaheimen - Bakketun: 16 senger 99,30%
- Hjørundfjordheimen andre etasje: 16 senger 99,30%
- Vartdal helsetun gruppe 2: 9 senger 98,66%

Korttidsavdelinga:

- Korttidsavdelinga skal gi tilbod til innbyggjarar i Ørsta kommune som treng kommunal akutt døgnplass (KAD)- eller korttidsopphald i sjukeheim.
- Vi har til ei kvar tid ansvar for å vurdere kven som har størst behov for å vere her.
- Det var 73 innleggingar på ø.hjelp i 2022 og 170 liggedøgn. Ei seng på korttidsavdelinga har belegg på 46,5% KAD opphald.
- I tillegg så er der pasientar som har hatt langtidsopphald i korttidsavdelinga i påvente av ledig rom på langtidsavdelinga.

Dei fleste pasientane til korttidsavdelinga kjem frå sjukehus. Dei er utskrivingsklare der, men kan ikkje reise heim. Vi tek også inn pasientar som søker opphald frå heimen, det kan vere behov for vurdering, avlastning m.m. Avdelinga har pasientar med ulike problemstillingar. Mange har problem med demens og kognitiv svikt, ellers er det forskjellige medisinske årsaker, brotskadar, psykiatri, rus m.m. Mange har fleire diagnoser samstundes.

Det er stort fokus på rehabilitering og vi har ein fysioterapeut fast i avdelinga i tillegg til fysioterapiassistent i 50% stilling.

Vi har fire rom tilrettelagde for palliative pasientar. Desse romma er fint utsmykka, har eige kjøleskap og TV. Dei blir også brukt til andre pasientar når situasjonen tilseier det.

Kommunal akutt døgnplass (KAD):

Korttidsavdelinga har 1-2 senger til formålet. Dette er pasientar med avklart problemstilling som blir innlagt her i staden for sjukehus. Innlegging i KAD vert vurdert via lege.

Langtidsavdelingane:

I langtidsavdelingane er det meir stabil drift då bebuarane er der over tid. Det er lagt stor vekt på aktivitetar og å halde ved like ferdigheiter hjå bebuarane. Vi ønsker å ha auka fokus på aktivitet for dei eldre, og hentar mykje inspirasjon frå prosjektet «livsglede for eldre»

Vi har merka godt at pårørande/besøkande ikkje har fått vere delaktige i kvardagen slik vi er vande med, men det har teke seg opp iløpet av 2022 også underholding utanifrå.

Kjøkken

Vi har høg eigenproduksjon og val av gode råvarer og legg vekt på god tradisjonsmat. Produksjonen av mat i institusjon var stabil, og våre sjåførar leverte i året 24 019 middagar i heimane, som er ein liten nedgang frå året før. Dette er litt over det vi greier å levere i ordinær arbeidstid for sjåførane og det er vanskeleg å levere maten varm til dei siste på lista.

Totalt vart det levert 26 884 middagar frå alle 3 kjøkken, inkludert dei som bur i bufellesskap på Vartdal og Sæbø.

Helse og velferd

Seksjon Helse og velferdstenester femner om mange ulike formål og tenesteområde. Alle einingane styrer etter mål i aktuell lov og forskrift, samt politiske vedtak og føringar, og Ørsta kommune sine verdier.

Hovudmål:

Gode og forsvarlege helse og velferdstenester til innbyggjarane.

Sentrale delmål:

- Tidleg innsats og god samhandling - særleg for barn og unge.
- Auka inkludering - Fleire i arbeid.
- Ta i bruk aktuell velferdsteknologi - omsorgstrappa
- Heiltidskultur

Dette arbeidet får vidare fokus i 2023 i det ye kommunalområdet. Fokus på Heiltidskultur og årsplanlegging med tenesteretta bemanningsplanar, vil gje eit meir realistisk og føreseieleg kostnadsbilete. Dette krev at ein kan planlegge for faktiske behov, og samtidig disponere variable lønnskostnader på ny måte. Ein slik måte å planlegge på vil gje betre kontroll på og også unngå meirforbruk.

Utvalde resultat

NAV

Ørsta helsestasjon

Det er 15 tilsette på helsestasjonen fordelt på 12,15 årsverk

Kostratal for 2022:

- Antal gravide til kontroll hos jordmor: 119
- Fødselstal: 121
- Antal heimebesøk av jordmor: 82
- Antal heimebesøk av helsesjukepleiar: 116
- Antal 6 vekerskontroll: 120
- Antal 2 årskonsultasjonar: 149
- Antal 4 årskonsultasjonar: 179
- Antal 1.klassekonsultasjonar: 196
- Svangerskapsomsorga: Faste konsultasjonar: 1000 og Ekstrakonsultasjonar: 16
- Helsestasjon 0-5 år: Faste konsultasjonar 2893 og Ekstra konsultasjonar: 565
- Skulehelseteneste: Faste konsultasjonar: 2429 og Ekstra konsultasjonar: 740
- Gruppekonsultasjonar ved 4 veker, 4 mnd, 8 mnd og 18 mnd. er i full drift etter pandemien.
- Helsestasjonen har vore inndelt i hovudsakleg 2 team; Skulehelseteneste og helsestasjonsteneste 0-5 år/jordmor. Fleire helsesjukepleiarar jobbar i begge team. Pga ressursmangel, spesielt ute i skulehelsetenesta, er dette svært sårbart.

Ergo, fysio og friskliv

Eininga består av:

Stillingar	Antall prosent
Einingsleiar /fysioterapeut	100 %
Fysioterapi	400 % (50 % av dette vakant)
Ergoterapi	150 %
Friskliv	50 %
Servicemedarbeidar hjelpemiddel	100 %
Atalefysioterapeutar	540 % (20 % vakant)

Tal brukarar:

Tenester	Antal aktive brukarar i 2022	Born/unge 0-17 år	Vaksne 18-66 år	Eldre 67 – 90+ år
FYSIOTERAPI – FASTLØNA:	334	117	72	190
ERGOTERAPI	476	9	104	363
FRISKLIV (brukarar til helsesamtale)	36	24	10	

Sjukefråvær og kompetanse Lite sjukemeldingar og ikkje arbeidsrelatert. Ved kortvarig fråvær leiger vi ikkje inn vikar. Eininga er oppteken av å bruke rett kompetanse på rett stad. Vi har ikkje hatt ledige stillingar i 2022 og dermed ingen utlysing. Vi har ei allsidig teneste med høg kompetanse innan fleire område i Ørsta. Viktig å ivareta og utvikle denne kompetansen vidare.

Vi har hatt 50% vakanse i fysioterapidrift og dermed også inntekt då vi har «lånt ut» 50% stilling til prosjekt Leve Heile Livet til KS.

Vi har også i heile 2022 fått midlar i 20% stilling gjennom helsestasjonen sine opptrappingsmidlar. Dette gjer at vi har eit tettare samarbeid med Helsestasjonen. Hausten 2022 fekk vi tilført ei 20% stilling finansiert av Ørsta Vidaregåande skule for skulehelseteneste.

NAV Ørsta-Volda

NAV sitt samfunnsoppdrag er å bidra til sosial og økonomisk tryggleik, og fremme overgang til arbeid og aktivitet. Det skal vi gjere ved å

- Få fleire i arbeid og aktivitet
- Sikre gode levekår for dei vanskelegaste stilte
- Sikre økonomiske rettar gjennom god forvaltning
- Ha tilgjengelege tenester med god service

Dei tilsette ved NAV skal vere tydelege, til stades og løysingsdyktige.

Kontoret har både statlege og kommunalt tilsette, og yter både statlege og kommunale tenester. NAV Ørsta-Volda har til saman 30 tilsette, der 10 er kommunalt tilsette og 20 er statleg tilsette. Kontoret hadde lavt sjukefråvær for kommunalt tilsette.

Dei kommunale oppgåvene som ligg til NAV Ørsta-Volda er økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet, midlertidig bustad, råd og rettleiing samt individuell plan.

Økonomisk sosialhjelp						
År		2018	2019	2020	2021	2022
Sosialhjelpsmottakarar (antal)		179	174	182	198	207
Antal sosialhjelpsmottakarar 18-24 år		35	41	39	56	47
Sosialhjelpsmottakarar med hjelp i 6 mnd eller meir (antal)		56	63	70	60	
Antal familiarn i familiar som mottok sosialhjelp (antal)		88	96	92		

Antal mottakarar av økonomisk sosialhjelp har gått opp sidan 2021. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp har auka mykje i løpet av 2021. Dette er en direkte årsak av krigen i Ukraina og auken i antal flyktningar som har kome til kommunen. Den første perioden flyktningane kjem til kommunane våre, så treng dei stønad frå dei kommunale tenestene til livsopphald, utstyr, etablering, tannbehandling mm.

Brutto utbetalt økonomisk sosialhjelp (1000 kr)					
År	2018	2019	2020	2021	2022
Sum	7605	8982	8839	9519	11090

NAV Ørsta-Volda søkte om prosjektmidlar frå Statsforvalteren våren 2021, og fekk tildelt midlar til 1 prosjektstilling. Kontoret fekk tilsett prosjektmedarbeidar og starta prosjektet 1. desember 2021. Prosjektet har målgruppe flyktningar, og auka kvalitet i tenestene til denne gruppa.

I løpet av 2022 har prosjektet lansert eigen podkast med namnet «Jalla NAV Ørsta-Volda», der ekspertgruppa med flyktningar har stått for tema, gjennomføring og intervju. Det skal også utarbeidast nytt kartleggingsverktøy som kan nyttast både hos NAV og andre samarbeidspartar som har mandat inn mot same gruppa.

Andre halvår 2022 har det vore brukt store ressuser på planlegging av integrerings- og jobbmessa Give a Job som skal arrangerast 24. januar 2023. Det vert søkt om prosjektmidlar for 3. året ved nyttår 2022/2023.

Søre Sunnmøre Barnevernsamarbeid

Tenesta er organisert i seksjonar, som arbeider etter fasane ei barnevernssak. Seksjonane har faste møte ein gong i veka, der ein drøftar sakene. Ein legg vekt på å snakke med barna i alle fasane og det skal kome tydeleg fram i arbeidet; kva barna seier om sin situasjon. Endringane som lover og føreskrifter legg opp til er førande for arbeidet.

Tverrfagleg samarbeid har eit sterkt fokus for tenesta og tilsette tek del i fleire faglege fora i kommunane som er med i samarbeidet.

Tenesta har eit Familieteam, som arbeider direkte med endringstiltak i familiane på oppdrag frå seksjonane i tenesta.

Tenesta har over tid arbeidd bevisst med å gjere arbeidet med undersøkingar meir effektivt og ser no resultat av dette arbeidet. Talet på fristbrot er sterkt redusert i 2022. Seksjon mottak og undersøking har arbeidd godt og målretta med dette og tenesta som heilheit har vore med på å gjere gode grep for å nå dette målet.

Tenesta har vore i nemnd og rett med sju saker for Ørsta i 2022. Det er mottatt 109 bekymringsmeldingar vedkomande barn frå Ørsta i 2022. Ved årskiftet var det 82 barn som fekk tiltak frå barnevernstenesta, 11 av desse er under omsorg av barnevernstenesta.

Det har i 2022 vore ei innsparing på tiltak utanfor familien. Kostnadane for barn i statlege tiltak har så høg pris at dette førar til store endringar både i utgifter og innsparingar. Ein ser også etter kvart effekten av at barnevernstenesta har utarbeidd eit føreseieleg system for godtgjering av fosterheimar.

For Ørsta utgjer dette eit mindreforbruk på 1,4 mill.

Legevakt Hovdebygda

Oppgjer for Søre Sunnmøre legevakt 2022. Som de ser så er det i 2022 eit negativt avvik mellom akonto-innbetalingane og endeleg oppgjer. Dette er presisert i vedlegget. Gjennom 2022 er det jobba med å få betre rutinar for økonomistyring og oversikt, og i budsjettet for 2023 er avvik frå førre år tatt høgde for. Årsaker til avvik i sluttoppgjeret kan forklarast slik:

- Innleige av ekstra personell på overtid grunna:
 - Stor aktivitet på Legevaktsentralen har ført til behov for innleige utover minimumsbemanning.
 - Nokre sjukepleiarar slutta/gjekk ut i permisjon, og rekruttering og opplæring av nytt personell tek tid og er ressurskrevjande.
 - Sjukmeldingar
- Auke i kostnadar for forvaltning og drift av naudnett
- Kursing - strenge kompetansekrav
- Generell kostnadsauke
- Nye dataprogram
- Taksting av telefonråd
- Helfo-refusjonar - usikker refusjon på sjukepleiarråd i legevaktsentral.
- Bruk av beredskapslege

For Ørsta utgjorde dette ein meirkostnad ut over budsjett på vel kr. 600 000.

Sjukefråvær 2022

Oversikten viser samla sjukefråvær i seksjonane pr 1 - 2 og 3 tertial.

Seksjon Helse og velferd	11,73 %	8,15 %	9,77
Seksjon Omsorg og sjukeheim	14,72 %	10,37 %	9,74
Kommunen samla	11,76 %	8,74 %	10,38

Viktige hendingar

Helse og velferd

Leve heile livet

Arbeidet med **Leve heile livet** er framleis forankra i eining for fysio-ergo og friskliv. I samarbeid med KS – M&R vart fysioterapeut frikjøpt i 50 % stilling til arbeid med Leve heile livet. Stillinga skal vere ein ressurs for heile den sørlege delen av fylket og skal bidra til å spreie kunnskap om Leve heile livet med innhald og verkemiddel, nettverk og veiledning i lokalt planarbeid mellom anna.

Demenssteamet er etablert med eit mindre koordinerande team og ressurspersonar i einingane innanfor dei rammene kommunestyret løyvde ekstra midlar til. Men behovet for oppfølging og bistand for heimebuande personar med demens og deira pårørnde er aukande og det er behov for å utvide og styrke denne ressursen. Det vart følgt opp i kommunestyret sitt budsjettvedtak desember 2021 – med auke på 50% stilling. Pr. 2022 har demenskoordinator 60% stilling i seksjonen.

Oppstart av Sterk og stødig, NAV prosjektet har starta podcasten “Jalla”

Mottak og inkludering av flyktningar har utfordra fleire einingar i 2022

Fagsatsing saman med 7 stjerna i Bu og habillitering

Leve heile livet – i eigen bustad

Sentrale føringar /Tilsyn

Tilsyn og klagesaker med ny tone frå Statsforvaltar. Tilsette må i større grad enn før svare for sine vurderingar og handlingar. Dette er krevjande for den enkelte som var på vakt og kan føre til risiko for at tilsette ikkje vil stå i den utfordrande tenesteytinga. Sjølvsaft legg vi vekt på å yte forsvarlege tenester, men vi må vere obs på den belastninga dette medfører, og kva det kan gjere med rekruttering til tenestene. Fleire av sakene er omtalte i media og det har vore stort påtrykk frå journalistar i fleire saker.

Seksjonsleiar og kommuneoverlege reagerer i tillegg på det omfattande innsynet Statsforvaltar har gitt i enkeltsaker. Vi meiner det er teke for lite omsyn til koplingsfaren og at Ørsta trass alt er eit

gjennomsiktig samfunn. Vi veit at individ omtalt i sak / medieomtale er identifiserte av svært mange. Dei reagerer også på omtalen, og at dei ikkje er orientert.

Nokre av sakene er pr. mars ikkje endeleg avgjorde. Vi rettar oss etter pålegg og arbeider med å lukke avvik.

Utfordrande og komplekse saker med risiko vil vere ein del av kvardagen også i framtida. Tilsette treng tillit, verdsetting, opplæring og god rettleiing for å stå i slik tenesteyting, som tidvis ikkje vert opplevd tilfredsstillande av alle partar i ei sak. i slike saker trengs det også eit tydleg og avklart samarbeid med 2 lina, og vi treng lettare tilgang til spesialiserte tenester i dei sakene som krev det.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	294 580	307 352	291 742	-15 610	-5,4 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	41 707	38 945	14 986	-23 959	-159,9 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	55 695	55 069	56 480	1 411	2,5 %
Overføringsutgifter	15 373	28 016	15 373	-12 643	-82,2 %
Finansutgifter	2 239	1 581	250	-1 331	-532,3 %
Sum Driftsutgifter	409 594	430 963	378 831	-52 132	-13,8 %
Salgsinntekter	-27 553	-27 868	-26 068	1 800	-6,9 %
Refusjoner	-59 223	-56 786	-33 039	23 747	-71,9 %
Overføringsinntekter	-3 477	-974	-1 528	-554	36,3 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-1 373	-1 028	-260	768	-295,3 %
Sum Driftsinntekter	-91 626	-86 656	-60 895	25 761	-42,3 %
Netto resultat	317 968	344 308	317 936	-26 372	-8,3 %


Status økonomi

Beløp i 1000


Sektor	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
40-Felles - Helse, omsorg og velferd	9 378	9 718	26 959	17 241	64,0 %
41-Felles NAV Ørsta/Volda	13 315	15 597	15 051	-546	-3,6 %
42-Helse og familie	64 522	67 548	47 442	-20 106	-42,4 %
43-Bu og habilitering	33 177	36 094	29 838	-6 256	-21,0 %
44-Heimetenester	72 928	82 389	70 146	-12 243	-17,5 %
47-Omsorg og sjukeheim	122 440	132 962	128 500	-4 462	-3,5 %
48-Tildeling og koordinering	2 208	0	0	0	0,0 %
Sum	317 968	344 308	317 936	-26 372	-8,3 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Teknisk, eigedom og landbruk

Beskriving av tenesteområde

Teknisk Eigedom og Landbruk

Tekniske tenester har varsla eit auka meirforbruk då ein såg fleire postar ikkje hang saman med dei oppgåvene ein skulle løyse. Det vart arbeidd med å ha kontroll på kostnadane gjennom året. Meirforbruket var i hovudsak knytt til variable kostnader. Meirforbruk vart knytt til auka vedlikehaldskostnader og prisauke.

Det er varsla at det vil gå utover drift og investeringsoppgåver om kjernedrifta vert ytterligare redusert.

2022 var prega av omstilling, men effektar vil ikkje synleggjere seg før omorganiseringa er endeleg på plass, dette betyr ikkje at ein kan redusere meir på drifta utan at ein sluttar med å gjere nokke. Det vert vert arbeidd med omstilling for å effektivisere drifta. kommunalområdet vil dei neste åra gjennomgå ei omstilling.

Ein forventar for kommande år kunne nyttegjere synergiane som ligg i ulike ansvarsområde for å nytte ressursane meir effektivt. Dette vil krevje oppfølging og gode prosessar saman med alle aktørar. Det vil verte mindre grenser mellom ulike fagfelt.

Plan er vesentleg for å kunne gjennomføre og legge gode budsjett for framtida - difor er Samfunnsdelen og Arealdelen viktig å prioritere framover. Ein må søkje å samle planar, grunnnervv og gjennomføring innan same investering for auke samsvaret mellom ambisjonar, budsjett, investeringar og gjennomføringevne.

Det er framleis viktig at området tekniske tenester investera framover i driftsreduserande tiltak og aukar beredskapstryggleiken. Det er potensiale for å få meir igjen for kvar krone, men dette krev at ein investera med omsyn til driftsreduserande tiltak.

Oppgåvene som ligg til tenesteområdet vil krevje at ein har rett kompetanse til ei kvar tid for levere gode tenester, det er difor viktig at ein legg til rette for ei balansert overføring av kompetanse ved skifte av personell. Det å rekruttere og behalde rett kompetanse er avgjerande for at kommunen skal levere gode tenester til kommunen.

Fagfelt som må styrkast

Det vil verte behov for gode ingeniørar , juridisk, økonomisk kompetanse samt fag erfaring på tvers av ulike felt som kan arbeide saman i alle ledd for å sikre at kommunen er ein god leverandør på tenester og er i stand til å ha kontroll på ulike utviklingsprosjekt som vil kome i åra framover. Dette må også inkludast i både det overordna og underordna internkontrollsystemet.

Det er høg fagleg kompetanse innan alle ulike områda til tekniske tenester, med dei utfordringane ein ser der kompleksitet og krav om å levere gode tenester er det naudsynt å utvikle medarbeidarane si kompetanse. Kartlegging av naudsynt kompetanse vil verte ein del av det totale internkontrollsystemet framover. Både det å rekruttere og behalde vert viktige områder for å ha gode tenester i åra framover.

Ørsta kommune ved tekniske tenester har i dag gode medarbeidarar i alle ledd som er i stand til å møte utfordringane framover, det er viktig at det vert følgt opp med ressursar til drift og investeringar for å oppretthalde ei god og føreseieleg drift, her er dei største utfordringane.

Tekniske tenester er utsett for konkurranse om arbeidskrafta, dette kan vær krevjande om vi ein ikkje evnar å rekruttere eller behalde kjernekompetanse framover, med dei oppgåve vi står overfor. Planfaget og kommunalteknikk må styrkast skal vi gjennomføre dei oppgåvene politkarane ynskjer å gjennomføre, eller ein må senke ambisjonsnivået.

Eigedom

Eigedomsforvaltninga vil få eit større fokus der ein må gå igjennom kva ein treng og kva ein skal skifte ut, dette krev ein gjennomgang av behov og bruk. Det vil verte lagt til rette for å få skifte ut ein del bustader framover, og ein må ha fokus på standardisering. Det er viktig at vi har ei eigedoms masse som tener kommune sitt behov og at denne er i ein tilstand som ikkje påfører kommune framtidige kostnader utover kva ein kan handtere.

Brann og redning

Her er Ørsta godt skodd og har eit moderne og framtidsretta utstyr.

Eigedomsskatt

Skattekontoret kjørte kontor justering i 2022 for året 2023.

Landbruk

Jordvern strategi vart vedteke å prioritere i 2022 - dette vert vidareført saman med arealdelen til planavdelinga i 2023

Overordna mål

Overordna mål

Innbyggjarar og næringsliv har store forventningar til at vi skal levere på alle ansvarsområda som ligg til kommunalområdet. Skal vi klare det må både menneskelege og økonomiske ressursar samsvare med oppgåvene.

- Kommunale vegar skal ha fast dekke. Ørsta kommune må redusere andel vegar som ikkje er asfaltert
- Prioritere vedlikehald på kommunale vegar. Prioritere at Ørsta kommune har god standard på dei vegane som er politisk valt som kommunale.
- Væøre ein trafikktrygg kommune
- Vatn og avlaups området må forsetje å utvikle seg og ein må søkje samarbeid utover eiga kommune
- Vassverka er i bra tilstand, men det må leggjast planar for utvikling av Ørsta og Sæbø vassverk - Ørsta vassverk bør utgreiast til å levere straum om mogleg.
- Byggjesak og oppmålingsavdelinga har som målsetjing å handsame og fatte vedtak så raskt som mogleg søknader innan lovverk som vert omhandla. Samordning med andre sektorar nasjonalt, regionalt, kommunalt og med andre einingar er naudsynt for å danne grunnlag for ei god forvaltning.
- Ei målsetjing er å skape felles forståing av korleis ein ved å ta omsyn til ulike lover, forskrifter og planvedtak på ulike administrative og politiske nivå kan skape berekraftig forvaltning der ein tek omsynet til lik, føreseieleg og rettviss handsaming.
- Gjennom god dialog og mål om å skape felles administrativ og politisk forståing i møte med næringsliv, innbyggjarar og andre interessentar, klare føresetnader og nå samfunnet sine mål om fornuftig ressursbruk gjennom bruk og vern.
- Samfunns plan og arealdel må sjåast i samanheng for å få utvikling i heile kommunen som er i tråd med budsjett, investeringar, lokalpolitiske føringa og nasjonale føringa.
- Vi skal ha rett og tilstrekkeleg kompetanse til å gjennomføre politisk bestilte tiltak, privat utvikling og offentleg planlegging.
- Digitalisere der det er føremålstenleg for å gje betre tenester totalt.
- Gjennomføre ein landbruks strategi og plan gjennomføring som tek omsyn til dyrka areal og tek innover seg utviklingstrekk i andre planar og føringa.
- Sikre rett kompetanse for å klare omstillingar og ha effektiv ressursbruk
- vere ein god eigedomsforvaltar og utviklar
- Halde låge avgifter gjennom god planlegging
- Ha ein beredskap som tek i vare liv og helse på ein god måte for heile kommunen.
- Førebu sak for taksering
- legge til rette for næringsliv og utvikling
- Gode innkjøp og planar som redusera miljøeffekten av våre investeringar
- Vere med å legge til rette for eit berekraftig landbruk

Utvalde resultat

Jordbruk

Dei økonomiske verkemidlane i landbruket som kommunen har avgjerdsmynde på, er delegert til landbrukskontoret. Det vart handsama søknader som gav ein total sum tilskot utbetalt i 2022 på 51,8 mill. kr til gardbrukarar i Ørsta, og 58, 7 mill. kr til gardbrukarar i Volda. Dette er ein auke frå året før, m.a. pga. ekstra utbetalingar på hausten som kompensasjon for auka utgifter i næringa. Innsatsfaktorane i landbruket, m.a. kunstgjødsel, kraftfor og straum, har hatt ein sterk kostnadsvekst.

Tal bruk/føretak i drift i 2022 var 153 i Ørsta og 182 i Volda. Det er eitt føretak mindre i Ørsta enn i 2021, i Volda er det same tal som i 2021.

Det var fatta vedtak i 7 saker med godkjenning av plan for nydyrking, 3 saker i Volda på til saman 19 daa og fire saker på totalt 53 daa i Ørsta. Det vart i tillegg handsama søknader om planering av dyrka jord. I ein av søknadene var det myr på dyrkingsfeltet, og her valde Statsforvaltaren å overprøve positivt vedtak med å sende det tilbake til kommunen for ny handsaming. Søknaden vart meir utgreidd, fekk ny handsaming, og det nye vedtaket vart ikkje påklaga.

Mjølkeproduksjonen vart i 2022 nedjustert etter to år med auka forholdstal grunna covid[1]pandemien. Forholdstalet for kumjølkkvotene vart endra frå 1,07 til 0,99 slik at ein kunne levere mindre mengde dette året. For geitemjolk steig forholdstalet til 0,95.

Kommunane Ørsta og Volda har 16 aktive beitelag som organiserer beiting i utmark for sau, geit og storfe. Laga får driftstilskot ut frå tal sleppte dyr. Størst tap hadde eit lag med 15 % tap på lam.

Statsforvaltaren tildeler kommunevise rammer for tilskotsordningar vi forvaltar. Til SMIL-tiltak fekk Ørsta kommune tildelt ei ramme på kr 450.000 og Volda kommune kr 450.000. I tillegg kom midlar som vart trekt inn frå tiltak som ikkje vart realisert. Det vart handsama 46 søknader med ei kostnadsramme på ca. 6,5 mill. kr totalt for begge kommunane. Åtte søknadar fekk avslag.

Til dreneringstiltak fekk Ørsta kommune ei ramme på kr 200.000 og Volda kommune kr 250.000. Det er for liten pågang etter tilskot til drenering, mykje pga. låge satsar, og midlar vart returnert til Statsforvaltaren. Det vart handsama og løyvd til 20 søknader med totalt kr 261.956 i tilskot. 5 av søknadene var i Ørsta og 15 i Volda.

Hjørundfjorden - Norangsdalen fekk status som UKL-landskap (Utvalde kulturlandskap) i 2018. Frå 2020 er forvaltningsoppgåva for UKL delegert til Ørsta kommune. I 2022 er det utarbeidd og godkjent nye lokale retningslinjer for UKL-ordninga. Lokale retningslinjer er godkjent både i Ørsta og Volda. Løyvinga gjeve i 2022 er i samsvar med gjeldande føresegner, forvaltningsplan og lokale retningslinjer.

UKL i Hjørundfjorden og Nordangsdalen har hatt ei samla ramme på 1 243 408 i 2022.

Til ordninga tilskot til tiltak i beiteområde kom det inn seks søknader, desse var knytt til investeringar i høve utmarksbeite. Volda og Ørsta fekk 200 000,- kr til fordeling.

Sommaren 2022 var særst våt, dette førte til ulike kjøreskadar og dårleg kvalitet på avling.

Utfordringar framover

1 januar 24 vil det verte innført to krav som får verknad på dei som driv med storfe. Det vert krav om kalvingsbingar for mjølke og ammedyr, og utvida beitetid.

Skogbruk

Ørsta avvika 5207 m3 skog - det vart planta 227 000 granplantar. Ørsta fekk 500 000,- kr i LUF midlar (Taubane og skogsveg) , der 430 000,- kr gjekk til fem vegprosjekt.

Brann og redning:

Mål for 2022: Jobbe målretta på tvers. Fokus på læring og forbetring.

Beredskap: Fleire med minimumsutdanning og auke øvingskvalitet.

Førebyggjande: Fortsette det gode forebyggjande arbeidet med tilsyn, undervisning, Bjørnis, sosiale media og media.

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg: Fokus på å levere teneste som gir god brannforebyggjande effekt.

Beredskap

Ørsta kommunen er ei særskild kommune med mange dalar, fjell og fjordar. Dette gjer at Ørsta har få å samanlikne seg med nasjonalt. Det er få kommunar i Noreg som på same arealet og folketalet har tre brannstasjonar, eit branndepot og 50 brannkonstablar. Årsaka er kravet til innsatstid. Det betyr høgare kostnader som følgje av krav om fleire brannstasjonar/depot.

Til tross for dette er Ørsta, etter KOSTRA-tala og innbyggjartal, det fjerde billigaste brann og redningsvesenet i Møre og Romsdal fordelt på innbyggjartal. Kun slått av Aure, Sande og Sula. Aure med ein brannstasjon og eit branndepot utan vakt, Sande med ei brannstasjon og to depot utan vakt og Sula med kun ein brannstasjon med vakt.

Samtidig ser ein av diagrammet under at dei fleste har hatt eit stort hopp eller ei jamn stigning i kostnader. Til samanlikning har Ørsta ikkje hatt stigning i det heile.

Årsaka til dette er at Ørsta har ei eldre bygningsmasse som ber preg av lite midlar til vedlikehald og at dei ikkje er i samsvar med regelverket. Vartdal og Sæbø har kun tronge garasjar utan garderobe, dusj eller toalett. Det er dermed lite kostnader utover oppvarming knyt til drift av desse.

Førebyggande

Førebyggande arbeid utført siste året

Barnehagebesøk med Bjørnis og påskeaktivitetshefte

Brannopplæring og slokke øving med alle helsepersonell i kommunen

Brannopplæring og slokke øving med 6.klassingane

Brannopplæring og slokke øving med vaksenopplæringa

Barnehagar på besøk på brannstasjonen

Feriemoro med frivillighetssentralen

Brannopplæring med ulike verksemdar

Bjørnis på barnehagebesøk i Brannvernveka

Stand på Alti med Røykvarsldagen

31 tilsyn med Særskilde brannobjekt

Informasjonskampanjar via Facebook, heimesida og lokalmedia

Feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Tal utført:	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tilsyn i bustadar	714	834	966	1001	955	677	655	79	86	296
Feiing av piper	2 007	2 051	1 943	1980	1954	2105	1642	1276	425	787

Sivilforsvarslageret:

Etter Sivilbeskyttelsesloven § 13 skal kommunen lagre og vedlikehalde Sivilforsvaret sine materiell. Kostnader til lagring og vedlikehald av sivilforsvaret sine materiell skal dekkjast av kommunene.

I Ørsta har vi eit lager vi leiger i Rødekors huset i Strandgata og tilsett ein materialforvaltar på 10% stilling. Dette lageret er eit samarbeid mellom Ørsta og Volda, der Ørsta administrerar og vidarefakturerar for halve kostnaden til Volda.

Konklusjon

Ørsta kommune sin brann og redningsteneste er billig i drift samanlikna med dei fleste andre kommune. Årsaka for dette er knytt til ei minimumsdrift med få driftsressursar, kombinert med at stasjonane Vartdal og Sæbø har låge driftsutgifter. Dette for di desse to stasjonane kun er enkle garasjar utan grunnleggjande fasilitetar som garderobe, toalett og dusj slik som regelverket krev.

Av KOSTRA tal kjem det fram at drifta til Ørsta er den tredje lågaste i Møre og Romsdal. Dette til tross for at det er få kommunar med like mange brannstasjonar og brannkonstablar på same areal, folketal og aktivitetsnivå/tal uttrykkingar.

Dette betyr også at ein driv ei minimumsdrift som er utfordrande med det veldig breidde spekteret av hendingar og den kompetansen det krev. For å ivareta kompetansen med dei få øvingstimane vi har pr. brannkonstabel har vi jobba med å auke kvaliteten på øvingane. Dette betyr at øvingstimane må vere gode og effektive for å komme gjennom alt i løpet av ei viss periode for at kompetansen ikkje skal forsvinne.

Dei førebyggjandeoppgåver ein utfører er etter kvar behova er. Ein utfører for kvart tiltak risikovurderingar ut frå hendingstatistikk, nasjonale føringar og vurderingar ein gjer i det førebyggjande arbeidet for å sikre at ein legg inn ressursane der det vil gi størst effekt. Dette gjeld alt førebyggjande arbeid også arbeidet knytt til fyringsanlegg i bustadar/fritidsbustadar.

For feiing og tilsyn med fyringsanlegg har no eit differensiert gebyr som gjer at dei som har mange avvik på fyringsanlegget, mykje sot eller andre risikomoment knytt til vil få oftare tilsyn og feiing og dermed eit høgare årsgebyr. Dette for å gjere gebyret meir rettferdig og samtidig som det kan verke som ei oppmoding om å fyre rett og rette brannfarlege avvik med fyringsanlegget.

Jamt over har det vore eit godt år med høgt aktivitetsnivå på førebyggjande og eit normal år for tal hendingar med låg del unødige alarmer. Det har vore eit år med fleire brannar en vi normalt har sett dei siste åra. Sjølv om auka er marginal.

Eigedomsskattekontoret

2021 har vore eit relativt normalår for eigedomsskattekontoret. Det har ikkje vore endringar nasjonalt som har påverke eigedomsskatten for Ørsta kommunen. Satsen for Ørsta kommune er 2 promille.

Skattekontoret sine hovudoppgåver er å skrive ut eigedomsskatt, jf. eigedomsskattelova m/forskrifter, vedtekter, vedtak med meir.

Oppdatere oversikt over skatteobjekt

Legge ut oppdaterte skattelister kvart år

Utarbeide og vedlikehalde rutine for oversikt over endringar/nye skatteobjekt

Syte for taksering av nye skatteobjekt og endringar per januar innan 1. mars kvart år

Syte for å få sendt krav på eigedomsskatt.

Sekretariat for takstnemnda og klagenemnda.

Syte for ovannemnde koordinering og møteinnkalling

Syte for sakkunnig opplæring av medlemmer i ovannemnde nemnder

Syte for nødvendig grunnlag for nemndsvedtak, synfaring, protokoll, ekspedere vedtak, ordne godtgjersle for medlemmane i nemndene, saksutgreiing til formannskapet om nedsetting/reduksjon av eigedomsskatt, og saksutgreiing til kommunestyret om fritak etter eigedomsskattelova §§ 7a og 7b.

Måloppnåing eigedomsskattekontoret

Det vart gjennomført få oppdateringskurs ved skattekontoret i 2022, og dei som vart gjennomført var i hovudsak digitale. Området til skattekontoret har behov for å følge opp med ulike kurs gjennom KS også i framtida. Nemnda har gjennomført kurs i KS regi

E-skatte kontoret har god oversikt over restansar, gjennom gode rutinarMatrikkelen er ei utfordring, men dette vil det verte arbeid med i framtida ved betre digital kontroll og rutinar.

Drifta i 2022 har gått som normalt med minimale variasjonar frå åra tidlegare. Har hatt fokus på internkontroll og avvikshandtering.

Eigedom 2022

Vinter/vår 2022 prega koronaen fortsatt aktiviteten. Dette påverka eigedomsforvaltninga i den forstand at driftspersonell har måtte teke omsyn, då einingane på skular og barnehagar har våre i endring, omorganisert og tilrettelagt for sin drift i den bygningsmassa som til ei kvar tid er disponibel.

Ansvar 5050 i seksjon eigedom, hadde i 2022 ein samla ressurs på 9,2 stillingar. Av dette ei administrativ stilling som einingsleiar, og 8,2 stillingar til drift og vedlikehald av: 9 større barne- og ungdomsskular, 7 barnehagar, 3 nedlagde skulebygg, 2 idrettshallar, 5 gymsalar og 3 basseng.

Men kun 5,6 av dei 8,2 stillingane var besett i 2022, dvs ein vakanse på 300% stort sett gjennom heile 2022. Årsaka til dette er vanskar med å rekruttere fagarbeidarar inn i stillingar for drift- og vedlikehald, av ymse grunnar. Med så lite tilgjengelige ressursar gjekk arbeidstida i hovudsak til å lukke prekære avvik samt lovpålagde oppgåver, som internkontroll.

Sjølv om koronaen og låg bemanning la sine små avgrensingar på aktiviteten, er låge driftsbudsjett ei vesentleg hindring for systematisk vedlikehald av bygningane. Midlane einingane rådde over gjekk i hovudsak til driftstekniske avvik, lite og inkje til planlagt vedlikehald, finansiert med driftsmidlar. Sjølv om seksjonen samla sett har eit nøktern forbruk, klarte ansvar 5050 å gå i balanse budsjettmessig.

Når det gjelde skadeverk er dette eit aukande problem, spesielt på skular og nye Ørstahallen. Ansvar 5050 brukar mykje tid og økonomi på reperasjonar etter skadeverk. Ørstahallen spesielt, som har blitt ein samlingsplass for mykje ungdom kveldar og helgar, er spesielt utsatt for skadeverk.

Slitasjen og vedlikehaldsbehovet har allereie meldt seg i storstova Ørstahallen. Det er synd at dette ikkje blir ivareteke i budsjettarbeid, slik ramma er no har ikkje eininga tilstrekkelig med personell og ein har ikkje økonomi til å drive eit systematisk vedlikehaldsarbeid av dette bygget. Ein ser også at store arrangement krev svært mykje ressursar frå ansvar 5050 både til rigging og ned-rigging, også til dels under sjølve arrangementa.

Eininga hadde ingen forsikringssaker i 2022.

OU-prosessen sette også sitt preg på seksjon eigedom. Tilsette opplevde prosessen som eit uromoment i kvardagane, då framtidig organisering og usikkerheit påverka. Seksjon eigedom var også utan øvste leiing frå april/mai og ut året 2022.

Ansvar 5050 brukte året 2022 til bygging av system, rutinebygging og internkontroll. Dette er arbeid som kjøme kommunen til nytte i vidare drift, samtidig som ein imøtekjem stadig strengare krav frå myndigheiter i form av lov- og forskriftskrav.

Ørsta kommune og seksjon eigedom tok i 2022 over nye Sæbø skule og barnehage, tilbygg Ørsta ungdomsskule samt nytt modulbygg ved Velle skule. Einingssleiar og driftspersonell brukte til dels mykje ressursar ifb. sluttfasane, overtaking og første prøvedriftsfasa i desse tiltaka. Einingssleiar har for øvrig følgd alle desse tiltaka gjennom heile prosessane, for viktige avgjersler og ikkje minst ivareta at Ørsta kommune har fått det ein har bedt om i konkurransegrunnlaget, spesielt innan tekniske anlegg.

I eigen regi har ansvar 5050 vidareført eit strategisk val med utbygging av AAK/skallsikring av formålsbygg, og ein har fortsett med utskifting av gammal belysning til moderne LED og styringssystem. Begge desse tiltaka er viktige bidrag til lågare energiforbruk og klimamål.

Gneistgruppa til ansvar 5050 hadde i 2022 fem møter. Mange saker vart diskutert, særleg OU-prosessen.

Tilsette i har delteke på tre ulike kurs i 2022. Dette er Arbeid i høgda, Instruert personell El og Enøk-kurs. I tillegg har einskild tilsette sertifisert seg innan varmearbeid og personløftar.

Viktige hendingar

Utdrag av prosjekt ferdigstilt i 2022

- Parkeringsplass rådhuset del 2 – ca. 45 plasser inkl. 3 handicap og 4 plasser med lading for elbil. Totalt 75 parkeringsplasser inkludert del 1, utført i 2021
- Strandgata 400m, veg, vatn og avløp i samsvar med reguleringsplan - sentrumsoppgradering. Siste puss og finish blir tatt våren 2023
- Hovdebygda sanering vatn og avløp del 3 – siste del. Ferdigstilt innanfor ramme. Oppgradering av gatelys på same strekket i samarbeid med fylkeskommunen.
- Mo-Hustad – slitelag asfalt 4000m
- Hjulmaskin – stabil drift og til kommunal beredskap



Eigedom

2022 har vore eit produktivt år for eigedom, der vi har gjort ein heil del oppgradering/renoveringar av formålsbygg. Grunnen til at dette har lat seg gjere på fleire av prosjekta er, investeringsmidlar som har vore øyremerka oppgradering av kommunale bygg.

Vi har no i fleire år måtte sjå vekk frå utvendig maling og ein del oppussingsprosjekt på grunn av innstrammingar i budsjett.

I mangel på eige personell har mykje av investeringsprosjekta og noko på drift, vorte gjennomførte med hjelp av leigd arbeidskraft. Prosjektstyringa er teke hand om av tilsette.

Investeringsprosjekt i 2022:

- Solskjerming Ørstaheimen, slutført i 2022.
- Renovering/energisparande tiltak «gamle rådhus» 3.etg. oppstarta 2022.
- Renovering/energisparande tiltak «gamle rådhus» 2.etg. oppstarta 2022.
- Rådhus tekniske rom ved gang renovering/brannsikring. Slutført i 2022.
- Svittevern – Ny dalasove og 4 nye avdelingskjøkken Hjørundfjordheimen. Slutført 2022.

Rekneskap

Beløp i 1000

	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	74 337	79 244	75 773	-3 471	-4,6 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	45 325	42 783	39 748	-3 035	-7,6 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	5 788	6 012	5 800	-212	-3,6 %
Overføringsutgifter	8 171	8 766	7 993	-773	-9,7 %
Finansutgifter	24 245	25 503	22 163	-3 340	-15,1 %
Sum Driftsutgifter	157 864	162 307	151 477	-10 830	-7,1 %
Salgsinntekter	-59 257	-62 397	-56 718	5 679	-10,0 %
Refusjoner	-15 206	-16 401	-13 105	3 296	-25,1 %
Overføringsinntekter	-1	-350	0	350	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-16 276	-11 819	-13 745	-1 926	14,0 %
Sum Driftsinntekter	-90 740	-90 967	-83 568	7 399	-8,9 %
Netto resultat	67 124	71 340	67 909	-3 431	-5,1 %

Status økonomi

Beløp i 1000

Sektor	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Rev. bud. 2022	Avvik i kr	Avvik i %
60-Felles teknisk, eieendom og landbruk	7 215	8 249	6 339	-1 910	-30,1 %
61-Brann og beredskap	11 191	11 994	11 566	-428	-3,7 %
62-Kommunalteknikk	14 577	17 565	15 596	-1 969	-12,6 %
63-Eieendom og reinhald	30 559	28 893	31 357	2 464	7,9 %
64-Plan, byggesak og oppmåling	1 553	2 580	842	-1 738	-206,4 %
66-Landbruk	2 029	2 059	2 209	150	6,8 %
Sum	67 124	71 340	67 909	-3 431	-5,1 %

Status kommunale planar

Planavdelinga sine oppgåver heng tett saman med den totale samfunnsutviklinga i kommunen. Prioriteringane bygg i hovudsak på vedteken planstrategi, men det har også kome til mange oppgåver i tillegg til dei prioriterte oppgåvene i planstrategien. Samspel og samarbeid på tvers i organisasjonen, både innanfor og utanfor eigen seksjon, har vore vektlagt.

Samfunnsdelen av planarbeidet må løftast fram - arealdel er starta - miljøplan under utarbeiding - trafikktrygging - planstatregi må forankrast med kortare intervall.

Sentrum gjennomgår ei stor utvikling, dette saman med endringar elles i kommune og tettstadane Vartdal og Sæbø, dette aukar behovet for planleggingskapasitet.

Vedtekne planar:


- Reguleringsplan for flyplasskrysset
- Områdeplan for Vartdal
- Gang-/sykkelveg langs fv 655 frå Mosflatevegen til Brungot
- Deler av Grønnevetbakkane (Bustadområde på Vartdal)
- Sætre Fjordutsikt
- Farkvamen
- Handlingsplan mot plastforureining

Andre viktige planarbeid og prosjekt som pågår:



- Oppfølging av tettstadsprosjektet og Ørsta sentrum
- Områdeplan for bustadfelt på Legene
- Reguleringsplan Fremre Mo
- Reguleringsplan for Ørsta kompetansesenter
- Gudehovet på Ose
- Områdeplan Sæbø – førebuande arbeid
- Sæbø torg
- Bustadfelt Barstadvika
- Arbeid knytt til oppfølging og rullering av klimaplanen
- Oppfølging av prosjektet Berekraftfylket Møre og Romsdal
- Restaurering av Storelva i Barstadvik
- Saker knytt til flaum og elveførebygging
- Vassforvaltningsplan 2022-2027
- Reguleringsarbeid i samarbeid med Statens vegvesen
- Diverse private reguleringsplanar for masseuttak, bustadfelt, bustad- og næringsbygg i Ørsta sentrum m.v.
- Handsaming av dispensasjonssøknader
- Handsaming av søknader om motorferdsle i utmark og landingsløyve for helikopter
- Forureiningssaker
- Digitalisering av eldre reguleringsplanar
- Kartlegging og verdsetting av friluftsområde, merkemal
- Oppfølging av spørsmål knytt til skred og anna naturfare, deltaking i nasjonale prosjekt knytt til naturfare, utvida nasjonal skredfarekartlegging
- Leve heile livet, Aldersvenlege samfunn

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Andre område

Beskriving av tenesteområde

Kommunen har ein del oppgåver som ikkje er særskilt knytt til eitt enkelt kommunalområde. Desse er samla under nemninga Andre område.

Det er ingen tilsette i dette kommunalområdet. Det som blir ført her er:

- Fellesutgifter som gjeld fleire kommunalområde som t.d. ansvars- og personforsikringar, OU-kontingent, samleannonser, porto, kopipapir, rekvisita, juridisk bistand knytt til grensejustering Bjørke m.m.
- Tilskot til revisjon
- Tilskot til kyrkjer
- Tilskot til næringskontoret og andre næringsføremål som t.d. skyssbåten i Hjørundfjorden, Destinasjon Ålesund & Sunnmøre, Sunnmøre friluftsråd og Ørsta skisenter
- Sal av konsesjonskraft
- Premieavvik og andre tekniske føringar knytt til fond, avskrivingar og kalkulatoriske renter for å få inntekter og utgifter plassert på rett forskriftsskjema
- Søre Sunnmøre IKT
- Til og med rekneskapsåret 2022 er utgifter og inntekter knytt til interkommunalt barnevern og legetenesta ført her. Frå 2023 er desse flytta til kommunalområdet helse, omsorg og velferd


Rekneskap

Beløp i 1000



	Rekneskap 2021	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik i kr	Avvik i %
Lønn	-5 298	-1 140	0	1 140	0,0 %
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	5 770	7 315	5 726	-1 589	-27,7 %
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	10 608	12 298	12 284	-14	-0,1 %
Overføringsutgifter	12 719	9 215	8 623	-592	-6,9 %
Finansutgifter	-28 874	-28 500	-22 163	6 337	-28,6 %
Sum Driftsutgifter	-5 074	-812	4 470	5 282	118,2 %
Salgsinntekter	-474	-1 004	-8 307	-7 303	87,9 %
Refusjoner	-6 482	-4 315	-2 915	1 400	-48,0 %
Overføringsinntekter	204	-8 537	0	8 537	0,0 %
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	20 491	15 192	14 767	-425	-2,9 %
Sum Driftsinntekter	13 739	1 336	3 545	2 209	62,3 %
Netto resultat	8 664	524	8 015	7 491	93,5 %

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Årsrekneskap 2022

Ørsta kommune

Fullstendighetserklæring

Årleg erklæring i samband med kommunen si rekneskapsrapportering for 2021

ERKLÆRING I SAMBAND MED KOMMUNEN SIN REKNESKAPSAVLEGGING FOR 2022

Vi stadfestar etter beste skjønn og overtyding:

Rekneskap og budsjett

- Vi har oppfylt vårt ansvar for å sørge for at kommunen sitt rekneskap og økonomiforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll, medrekner slik intern kontroll som vi finn nødvendig for å kunne utarbeide eit rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil. Vi har vidare oppfylt vårt ansvar vedk. utarbeiding av rekneskapen i samsvar med kommunelova og forskrift om årsrekneskap og årsmelding for kommunar, og meiner at rekneskapen gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.
- Viktige føresetnader som er brukt av oss ved utarbeiding av rekneskapsestimat, medrekna rekneskapsestimat målt til verkeleg verdi, er rimelege.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktingar, både påløpte og betinga, og har i note til årsrekneskapet gitt opplysningar om kommunen sine garantiansvar.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året låg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktingar for kommunen utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedomsrett til alle eigedelar i balansen pr 31.12. Det er ikkje stilt sikring i eigedelane utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at kommunen har brote avtaler eller offentlege påbod på ein måte som kan påføre kommunen vesentlege økonomiske forpliktingar.
- Alle hendingar etter datoen for årsrekneskapet og som ifølge god kommunal rekneskapsskikk medfører korrigering eller omtale, er korrigert eller omtalt.
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapet er i samsvar med budsjettvedtak.
- Vi meiner at verknaden av ikkje-korrigert feilinformasjon er uvesentleg, både enkeltvis og samla for rekneskapen som heilheit. Liste over evt. ikkje korrigert feilinformasjon ligg ved.
- Vi stadfestar at det ikkje er utført turar (innenlands/utenlands) der organisasjonen (administrasjon/folkevalde) har delteke, og turane er heilt eller delvis betalt av kommunen sine kontakter/forbindelsar
- Vi har teke omsyn til og opplyst om forhold til nærstående partar og eventuelle transaksjonar mot desse.

Bokføring:

Vi har oppfylt plikta vår til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Utgreiing om vesentlege budsjettavvik:


Vi er ansvarlege for å etablere ein internkontroll som sikrar etterleving av budsjettvedtak og kontroll med eventuelle vesentlege avvik som det skal gjerast greie for i årsmeldinga.

Vi meiner at årsmeldinga gir ei dekkande utgreiing for vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet sin tal-del og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Opplysningar som er gitt

- Vi har gitt revisor:
 - Tilgang til alle opplysningar som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeiding av rekneskapen
 - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsformål
 - Ubegrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering har vore nødvendig å innhente revisjonsbevis frå
- Alle transaksjonar er registrert og går fram av rekneskapen.
- Vi har gitt revisor opplysningar om resultat av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følge av misleghald.
- Vi har gitt revisor alle opplysningar om ev påstandar om misleghald er eller mistanke om misleghald som vi er kjent med og som involverer:
 - leiinga
 - tilsette som har ei viktig rolle i intern kontroll eller
 - andre
- Vi har gitt revisor alle opplysningar om ev påstandar om misleghald eller mistanke om misleghald som er kommunisert av tilsette, tidlegare tilsette, folkevalte, tilsynsmyndigheit eller andre.
- Vi har gitt revisor opplysningar om alle kjente tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om manglande etterleving av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeidinga av rekneskapen.
- Vi har gitt revisor opplysningar om identiteten til kommunen sine nærstående partar og alle forhold til nærstående partar og transaksjonar med desse som vi er kjent med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktingar, både aktuelle og latente, og har i note til årsrekneskapen gitt opplysningar om kommunen sitt garantiansvar.

Eventuelle kommentarar til punkta over:

Stad Ørsta dato 16/5-23

kommunedirektør  ØRSTA KOMMUNE
KOMMUNEDIREKTØR


økonomi-/rekneskapsansvarleg

Revisjonsuttale

Revisor sin uttale om årsrekneskapen

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Org.nr 974789280 Mva

Til kommunestyret i Ørsta

6150 ØRSTA

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR 2022

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Ørsta kommune som viser eit netto driftsresultat på kr 16.266.555,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse pr. 31. desember 2022, oversikt over løyvingar for drift- og investeringsrekneskapen, økonomisk oversikt drift samt tilhøyrande budsjett/budsjettreguleringar og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret avslutta pr. denne dato og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Ørsta kommune pr. 31. desember 2022, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta pr. denne dato i samsvar med kommunelova sine reglar og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmelding

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og evt anna informasjon som vert publisert saman med årsrekneskapen. Dette omfattar både den lovbestemte årsmeldinga og anna informasjon i kommunen sin årsrapport. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkar verken informasjonen i årsmeldinga eller anna informasjon.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det ligg føre vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeida oss under revisjon av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga tilsynelatande inneheld vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga framstår som vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere kring dette.

Revisjon

Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Org.nr 974789280 Mva

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss ved revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal gis i samsvar med lovkrav og
- opplysningane om økonomi i årsmeldinga/årsrapporten er i samsvar med årsrekneskapen

Vi viser til avsnittet « Uttale om redegjørelse for vesentlege budsjettavvik» under uttale om øvrige lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

